

Årsmelding 2003

Fylkesmannen i Hordaland

Innhald

Innleiing	s 3
Del I	
Økonomiske rammer og administrative føringar	s 5
Del II	
Sentrale politiske føringar	s 7
Vedlegg	s 15
Del III	
Omtale av oppgåver knytt til dei ulike resultatområda i samsvar med tildelingsbrev og/eller særskild oppdragsbrev	
Miljøverndepartementet	s 16
Landbruksdepartementet	s 20
Justisdepartementet	s 28
Kommunal- og regionaldepartementet	s 32
Sosialdepartementet	s 35
Barne- og familiedepartementet	s 38
Kultur- og kirkedepartementet	s 40
Helsedepartementet	s 41
Undervisnings- og forskingsdepartementet	s 45

Innleiing

Årsmeldinga frå embetet viser breidde og variasjon i oppgåvene våre. Ein viktig del av arbeidet vårt er retta mot kommunane, der vi har viktige oppgåver knytt til lovlegkontrollar, klagehandsaming av vedtak gjort av kommunale organ, tilsyn og kontroll av kommuneøkonomien og andre tilsynsoppgåver. Vi prøver å løyse dei kommuneretta oppgåvene våre på ein smidig måte, mest mogleg ved hjelp av dialog og rådgjeving


Embetet har og ei rekkje utøvande forvaltningsoppgåver innafor landbruk, miljøvern, utdanning, helse, sosialvesen, familierett, fri rettshjelp, voldsoffererstatningar, kontroll med stiftelsar, kommuneøkonomi, plan og bygningslovsaker og mykje anna. Vi legg vekt på rask og effektiv sakshandsaming, samtidig som omsynet til rettstryggleiken krev ei grundig og juridisk korrekt sakshandsaming. Embetet legg stor vekt på å halde dei krav departementet tilrår når det gjeld sakshandsamingstid. Å redusere sakshandsamingstida er noko vi har prioritert høgt. Redusert sakshandsamingstid gjer i seg sjølv ein effektiviseringsgevinst som frigjer tid til andre oppgåver, m.a. til å auke kvaliteten i sakshandsaminga og rettleiing ovanfor kommunane.

I 2003 vart det gjennomført fleire organisatoriske endringar.

Fylkeslegen (22 tilsette) og Statens utdanningskontor (15 tilsette) vart frå 1.1.2003 ein del av fylkesmannsembetet. Enkelte tilsette vart overført frå dei nye fagavdelingane til embetets felles administrative eining. I samband med overføringa av Fylkeslegen og Statens utdanningskontor var det ein prosess for å vurdere organiseringa av heile embetet. Resultat var at frå 1. juli vart Justis- og byggesaksavdeling (med 13 tilsette) slått saman med Sosial- og familieavdeling (23 tilsette) til ei avdeling som blir kalla Justis- og forvaltningsavdelinga. Beredskapsavdelinga ved embetet vart nedlagt og løfta opp i stab. Dei tilsette ved avdelinga vart halden samla.

Dei tilsette på barnehagesektoren ved Sosial- og familieavdelinga vart overført til Utdanningsavdelinga.

Det nye organisasjonskartet gjeldande frå 1.7.2003 ser slik ut:



Tall tilsette pr. 31.12.2003 var 173 personar fordelt på 162,7 årsverk.

Fylkesmannsembetet er eit informasjonsknutepunkt både for innbyggjarane og kommunane. Vi har i det siste året arbeidd aktivt for å utvikle heimesida vår på internett. Vi har hatt eigen redaktør i 20 % stilling, i tillegg til redaktøransvar på kvar avdeling. I slutten av 2003 vart det vedteke å auke redaktørstillingen til 50 %.

Fylkesmannen er pålagt eit særskilt samordningsansvar. Som eit ledd i dette arbeidet

arrangerar embetet ei rekkje fagkonferansar/seminar, og i tillegg til dette, eigne møter med ordførarar og rådmenn i fylket. Dei regionale statsetatane i fylket arrangerar årleg ein konferanse på Solstrand der alle ordførarar og rådmenn i fylket vert invitert. Kommunenes Sentralforbund i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune deltek også på dette møtet.

Embetet har også eit utstrakt samarbeid med dei regionale statsetatane som ledd i vårt samhandlingsansvar. Fylkesmannen leiar eit forum for statsetatsleiarane i fylket. Vi har og eit godt og nært samarbeid med Hordaland fylkeskommune m.a. om arealplanlegging, arealforvaltning og ulike planar, her under fylkesplanen.

Del I Økonomiske rammer og administrative føringar

Tabell 1. Oversikt over finansiering og sektorplassering av antall årsverk 2003

Antall årsverk	Kap. 1510	Kap. 203	Eksternt finansiert	TOTAL ÅRSVERK
Ledelse (fylkesmann+ass. fylkesmann)	2,00			2,00
Administrasjonsavdelingen (hentes fra tabell 2)	18,55	1,75	2,60	22,90
Fagoppgaver pr sektor	111,80	11,50	14,50	137,80
Barne- og familiedepartementet	10,50		1,00	11,50
Helsedepartementet	21,60		3,00	24,60
Sosialdepartementet	5,00		4,50	9,50
Landbruksdepartementet	27,00		4,00	31,00
Miljøverndepartementet	27,00		2,00	29,00
Justisdepartementet	13,50			13,50
Kommunal og regionaldepartementet	7,10			7,10
Utdannings- og forskningsdepartementet		11,50		11,50
Kultur- og kirkedepartementet	0,10			0,10
Andre fagdep (f.eks UD/SD)				0,00
SUM	132,35	13,25	17,10	162,70

Helsedepartementet og Sosialdepartementet kan rapporteres samlet hvis det er vanskelig å skille ut oppgavene. Det skal tas utgangspunkt i gjennomsnittlig årsbemanning.

Tabell 2. Oversikt over støttefunksjoner. Fordeling på fagområder.

Antall årsverk	Kap. 1510	Kap. 203	Eksternt finansiert	TOTAL ÅRSVERK
Ledelse (admsjef)	1,00			1,00
Arkiv	7,55	0,75		8,30
Økonomi/regnskap	3,50	1,00		4,50
IKT	3,00			3,00
Informasjon mv				0,00
Personal	2,50			2,50
Forværlse/post mv	1,00			1,00
Andre (kantine/vaktmester mv)			2,60	2,60
SUM	18,55	1,75	2,60	22,90

Merk at alle støttefunksjoner skal rapporteres uansett avdelingstilknytning.

Tabell 3. Oversikt over enkelte aktiviteter i 2003

Arkiv	Antall saker
Antall registrerte nye saker 1/1-til 31/12 - 2003	23.794
Antall dokumenter registrert 1/1-31/12 - 2003	60.687
Økonomi/regnskap	
Antall regnskapsbilag totalt 1/1-31/12 - 2003*	12.015
SUM	

* Total bilagsmengde i Agresso er 17 083 - herav SLP-bilag 3 539 og leverandørfaktura 8 443. I Saturn er det registrert 33 bilag, men ved hvert bilagsnr. ligger det en stor mengde underbilag som blir utbetalt til mange leverandører.

Anna

Fylkesmannen er Kongehusets representant i fylket.

Fylkesmannen er Kongehusets representant i fylket. I 2003 hadde vi organisering av 9 besøk av Kongehusets representantar fordelt på 9 dagar.

Fylkesmannen har den tilretteleggjande sakshandsaming for Kongens fortjenestemedalje i gull og sølv, og gjev innstilling til Kongen i desse sakene. Det vart delt ut 12 gullmedaljar og 28 sølvmedaljar. Gullmedaljane er delt ut av fylkesmannen. Når det gjeld sølvmedaljane er dei i hovudsak i Bergen delt ut av fylkesmannen og i kommunane elles av ordførarane i kommunane.

På vegne av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden v/Ordenskanselliet sto fylkesmannen for tildeling av orden og diplom til 2 personar.

Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv / sjukefråvær

Fylkesmannen har vore IA-bedrift sidan hausten 2002. Verksemda har utarbeidd gode rutiner for oppfølging av intensjonane i avtalen.

Sjukefråværsprosenten for 2003 var 4,67.

Del II Sentrale politiske føringar

Rapporteringskrav:

Kort orientering om situasjonen på dei einskilde områda (2.1 – 2.7) og om kva prioriteringar som er gjort innafør og mellom desse i løpet av 2003.

Vi har ikkje føreteke nokon innbyrdes prioritering, då alle desse oppgåvene har vore sentrale satsingsområde for fylkesmannen.

2.1 Kommuneretta verksemd – samordning og rettleiing

Vi har i 2003 prioritert å gi tilbakemelding på alle kommunebudsjett. Dette gir oss eit godt oversyn over kommunane si økonomiske utvikling. Vi hadde pr. 31.12.03 registrert 10 kommunar i ROBEK. Desse kommunane krev tett og grundig oppfølging frå fylkesmannen.

Kommunane i Hordaland utanom Bergen hadde ved utgangen av 2002 om lag 203 mill. kroner i samla akkumulert rekneskapsunderskot. Bergen kommune hadde i tillegg eit akkumulert underskot på om lag 358,8 mill. kroner. Førebels rekneskap for Bergen kommune for 2003 syner eit rekneskapsunderskot på kr. 536 mill. kroner. Dette gir eit oppsamla rekneskapsunderskot pr. 31.12.03 for Bergen kommune på om lag kr. 895 mill. kroner.

Ordinær langsiktig gjeld for kommunane i Hordaland utanom Bergen var kr. 5 311 219 100,-. Dette tilsvarar kr. 25.753,- pr. innbyggjar. I utrekna lånegjeld har vi trekt ut pensjonsforplikting.

Ordinært skjønnskott for 2004 vart fordelt med ei ramme på om lag 160 mill. kroner. Av denne ramma sette vi av 1,2 mill. kroner for 2003 til Interkommunale samarbeidstiltak. Vi har gitt tilskott til 5 ulike prosjekt der om lag halvparten av kommunane deltok.

2.2 Helse, velferd og personretta tenesteyting

Sosialtenesta

Fylkesmannen har i 2003 vore engasjert i kompetanseutvikling i sosialtenesta m.a. ved rekrutteringsplanen for pleie- og omsorgspersonell. Dette m.a. som ei vidareføring av tiltak som vart etablert under handlingsplanen Kunnskap og brubygging. Fylkesmannen har også følgd opp med planlegging av tiltak i tilknytning til fattigdomsproblematikk. Døme på dette er initiering av bustadsosialt arbeid, økonomisk rådgjeving i kommunane, samarbeid sosialtenesta, trygde- og Aetat (SATS) m.m.

Statens handlingsplan for eldreomsorg – kort tilbakeblikk

For Hordaland er no situasjonen den at nesten alle søknadar om nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader er innvilga. I alt er det gitt tilsagn til 4 150 nye sjukeheimplassar og plassar i omsorgsbustader. I perioden frå 1998-2001 vart det etablert 1 400 nye arbeidsplassar innan pleie- og omsorgssektoren, også etter dette tidspunkt har det vore ein auke i tal årsverk.

Aktivitet 2003

Når det gjeld sjukeheimar var det stor byggjeverksemd i 2003: I alt vart det opna åtte nye institusjonar i fem forskjellige kommunar, med til saman 341 sjukeheimplassar. I tillegg vart elleve nye omsorgsbustadprosjekt med 177 husvære tatt i bruk. To av prosjekta var for utviklingshemma, og resten var innan eldreomsorga.

Prosjekta under handlingsplanen for eldre skulle med rett ha vore ferdig innan utgangen av 2005, men det er gitt opning for at kommunar av økonomiske og byggetekniske årsaker kan ha behov for meir tid. I vårt fylke har to kommunar søkt og fått slik utsetjing, dette er Voss og Bergen.

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 23. februar 2003 til Sosial- og helsedirektoratet gitt rapport på dei mest sentrale politikkområda der fylkesmannens helseavdeling har oppgåver, forvaltning av tilskotsmidlar og erfaringar frå nokre andre område. Årsoversyn over forbruk på budsjett og prosjektmidlar er vedlagt.

Vi viser elles til Helsetilsynet/Fylkesmannen i Hordalands medisinalmelding for 2003. Her omtalar vi [opptrappingsplanen](#), pasientrettar, helsetenester til eldre, smittevern, firehundreårsjubileet, folkehelsearbeid og klage- og tilsynssaker. Medisinalmeldinga ligg under Publikasjonar på www.fylkesmannen.no.

Opptrappingsplanen for psykisk helse

Rapportering av resultatdata for kommunane, bruk av øyemerka tilskot, tilskot til tverrfagleg vidareutdanning og lokale etterutdanningsmidlar blir gjort innan fristar fastsett av Sosial- og helsedirektoratet

Det er gitt uttale til Husbanken pr. 15.10.03 om søknad om tilskot til 146 omsorgsbustader.

Likestilling

Fylkesmannen i Hordaland har føringar for likestillingsarbeidet forankra i den lokale tilpasningsavtalen og i Personalplanen.

Pr. 01.09.03 var kjønnsfordelinga ved embetet 45% menn og 55% kvinner.

Statistikk pr.01.09.03 viser følgjande fordeling i stillingsgrupper:

Stillingar	Kvinner %	Menn %	Totalt
Kontorstillingar	4 80%	1 20%	5
Sakshandsamarstillingar	85 56%	66 44%	151
Leiarstillingar*	6 35%	11 65%	17
Totalt	95	78	173

*Leiargruppa (embetsleiinga og avdelingsdir.) var samansett av 5 menn (63%) og 3 kvinner (37%).

86% av alle tilsette er i gruppa for sakshandsamarar. Denne gruppa inneheld eit vidt spekter stillingskodar som set ulike krav til ansvar, sjølvstende og kompetanse for å løyse arbeidsoppgåvene.

Kvinner er overrepresentert i dei ”lågaste” sakshandsamarstillingane, medan menn og kvinner er nokså likt representert i dei ”høgaste” sakshandsamarstillingane. Av totalt 32 rådgjevarar ved embetet er 21 (66%) kvinner og 11 (34%) menn. Til samanlikning var fordelinga i 2002 for rådgjevarar 36% kvinner og 64% menn. Ei av årsakene til denne utviklinga er integreringa av Statens utdanningsdirektør og fylkeslegen som medførte at embetet fekk tilført fleire kvinnelege rådgjevarar.

2.3 Barn og oppvekst

Gjennom rapportering frå kommunane, førehaving av enkeltsaker, rådgjeving og tilsyn får fylkesmannen eit grunnlag for vurdering av korleis kommunane følgjer opp sine lovpålagde barnevernstenester. Både kapasitet og kompetansenivå i barnevernet i Hordaland er kjenneteikna av ganske stor variasjon mellom kommunane. I nokre kommunar er tenestenivået sårbart avdi kommunen ikkje har tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Eit anna kjenneteikn, som kan gå ut over rettstryggleiken til brukarane, er at det ikkje er utvikla gode nok rutiner for samspel med andre lokale faginstansar eller instansar på 2. linjenivå. Dette kan medføre for lite heilskap og breidde i hjelpetiltak som trengs i nærmiljøet. Fylkesmannen meiner at den kommunestruktur vi har i dag, ikkje er tilpassa dei krav til tenesteinnhald som det kommunale barnevernet er stilt ovanfor i lovgjevinga.

Fylkesmannen la i verksemdsplanen opp til gjennomføring av fire systemrevisjonar, og tettare oppfølging av kommunar som ikkje held fristane for sakshandsaming. På grunnlag av rapporteringar blir det tatt munnleg og skriftleg kontakt med aktuelle kommunar og bydelar for å kartlegge årsakene til overskridingane. Ein del av planlagte systemrevisjonar og kontaktmøte med kommunane måtte nedprioriterast i 2. halvår som følgje av vesentleg auke i omfanget av institusjonstilsynet.

Barn og unges oppvekstvilkår er sentrale emne både i folkehelsemeldinga og i Strategi for barn og unges psykiske helse. På dette området samarbeider vi med Hordaland fylkeskommune, enkeltkommunar og frivilljuge organisasjonar om lokale pilotprosjekt for meir fysisk aktivitet og tildeling av midlar til lokale folkehelsetiltak.

2.4 Regional planlegging, plan- og byggjesakshandsaming

Arbeid i medhald av Plan- og bygningslova:

Både talet på plansaker generelt og talet på dispensasjonar frå vedtekne planar ligg svært høgt i landsmålestokk. I 2003 mottok vi 1349 saker til handsaming, av desse var 853 dispensasjonssaker. Dei siste 5 –6 åra har saksmengda auka årleg med om lag 25%. Ved embetet har vi tilnærma oss desse utfordringane slik det er føresett frå sentralt hald, dvs gjennom:

- Fokus på overordna planar (m.a. Fylkesdelplan kyst og kommuneplanar.)
- Medverking tidleg i planprosessane gjennom Planforum, Kystråd; innspel til kommuneplanar og viktige reguleringsplanar/ KU-prosessar.
- Koordinering av avdelingane sitt planarbeid, med sikte på rasjonalisering av sakshandsaminga og samordning av avdelingane sine innspel til kommunale planar.

- Rasjonalisering, standardisering og samordning av sakshandsaminga i enkeltsaker og sterk nedtoning av arbeidet med desse, samt påklaging av dei mest uheldige dispensasjonsvedtaka.

Ei av dei største utfordringane har som tidlegare år vore å halde fokus på å redusere den uheldige nedbygginga i strandsona. Miljøvernavingdelinga har difor klagt på 74 av totalt 372 søknader om frådelling eller bygging i strid med Pbl. § 17.2. Det er fremja motsegn mot 16 kommuneplanar/-delplanar og reguleringsplanar der nasjonale mål og rikspolitiske retningslinjer for arealforvaltninga har vore mangelfullt ivaretekne av kommunane.

Klagesaker etter Plan og bygningslova

Fylkesmannen tok avgjerd i 420 klagesaker etter Plan- og bygningslova (Pbl). Dette er det samla talet inkl. klagar over byggeplan eller reguleringsplan og klage der det var snakk om dispensasjon frå Pbl. § 17.2 (strandsona) og/eller arealplan. Til samanlikning var tilsvarande tal for 2002: 312 saker.

Sakshandsamingstida pr. 31.12.2003 var om lag 8 veker.

Generelt:

Vi har grunna stor saksmengde i hovudsak måtta prioritere handsaming av enkeltsaker, og har vektlagt at kvaliteten på saksførebuing og vedtak skal vere best mogleg. Avdelinga har vektlagt tilgjengelegheit og opne prosessar fram mot avgjerd i enkeltsaker. Samstundes er det vektlagt at vedtak skal vere grundige og mogleg å etterprøve.

Sakshandsamarane blir mykje nytta til juridisk rettleiing av kommunar som ikkje sjølv har eigen juridisk kompetanse tilgjengeleg. Vi har delteke på seminar om plan- og bygningsrett i regi av ei gruppe kommunar.

Fylkesmannen har oppretta ei tverretatleg plangruppe og vi deltek i fylkeskommunalt planforum. Vi gir høyringsuttale til dei juridiske sidene av kommuneplanar og medverkar juridisk og praktisk i meklingsaker etter motsegn frå fylkeskommunale eller statlege etatar i plansaker. Generelt har vi tilstreba å vidareformidle dei juridiske sidene av nasjonal planleggings- og arealpolitikk. Vi har god kontakt og kommunikasjon med kommunane si planforvaltning, hovudsakleg på administrativt nivå, men og på politisk nivå i enkelte samanhengar.

Saker etter kapittel VIII (oreigning) og Oreigningslova §§ 2 og 25

I 2003 har vi handsama 4 saker i førsteinstans og 2 klagesaker.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid ligg på om lag 4 veker.

2.5 Innovasjon og verdiskaping

Hovudsatsinga på nye næringsområde var for 2003 knytt mot følgjande område;

- Mat- og matforedling der vi har forlenga prosjektsatsinga vår etter sterkt påtrykk frå næringa. Her er kompetanse, nettverk og rettleiing på marknadssida viktige stikkord i arbeidet. Aktiviteten på dette området er stor, det er spesielt foredling og omsetjing av

lammekjøtt som har det største potensialet her i fylket. Vi har fått ei viss regionsatsing i fylket der Hardanger vil satse mot Riksvei Hardanger og servering i tilknytning til denne. Elles har Voss eiga satsing med ”Vossameny” der kontakten mellom nærings-, hotell/restaurant og foredlingsbedriftene vert styrka. I 2003 kom også Sunnhordland med Etne i gang med eiga matsatsing, her har Fylkesmannen vore pådrivar. Også i 2003 blei det gjennomført stor matfestival ”Bønder i byd'n” .

- Kulturlandskap og næringsutvikling. Prosjektet BNL- bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunnet – har vore eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmannen, fylkeskommunen og SND for å sjå på grunnlaget for næringsutvikling ift kultur, landskap og miljø,(sjå under områdetiltak). Prosjektet blei avslutta dette året.
- Bygdekultur og – sosiologi. Prosjekt ”Trivselsgrenda” vart i 2003 vidareført ved at 12 nye kommunar kom med i prosjektet. Resultata frå hovudprosjektet som omhandla trivselsfaktorar i bygdene og kva som gjer at folk blir buande, blei formidla vidare til dei nye grendene. Her blei det starta prosessar som skal utvikle og betre trivselen. Arbeidet blir styrt av prosjektleiar i 100% stilling fram til sommaren 2004.
- Skogeigarlaget Vest avslutta vinteren 2003 prosjektet ”Landbruket som energileverandør”. Prosjektet hadde som målsetting å informere om bioenergi og initiere lokale prosessar som kunne føre til konkrete etableringar av lokale bioenergianlegg. Prosjektet vart støtta av Fylkesmennene i Rogaland og Hordaland gjennom Bygdeutviklingsmidlane. Ein klarte i prosjektperioden å skape mykje interesse for bioenergi utan at det førte til konkrete etableringar. I løpet av 2003 har dei lukkast i å få på plass ein avtale med Voss kommune om biovarmeleveransar til Oppheim omsorgssenter. Her er skipa eit lokalt skogeigareigd selskap, Voss Bioenergi, som skal stå for investering i varmesentral og levere varmtvatn til avtalt pris pr kWh. Fylkesmannen har gitt støtte til utviklingskostnadane i samarbeid med SND/Innovasjon Noreg. Det er vidare i gang lokale prosessar på Osterøy, Tysnes, Kvinnherad, Sveio m.fl. Fylkesmannen ynskjer å vere ein sentral aktør i utviklinga av bioenerginæringa i Hordaland. Vi har m.a. tatt initiativ til eit utviklingsprosjekt med siktemål å prøve ut ulike driftsopplegg for utdrift av bioenergivirke og produksjon av skogsflis.
- Treprogrammet. Prosjektet ”Tre i sentrum” i regi av Fylkesmannen vart etablert i 2003. Som mål for prosjektet er sett opp:
 - auka lokal vidareforedling av trevirke
 - auka bruk av trevirke
 - auka produktutvikling & nyskaping
 - auka kompetanse og kunnskapsformidling.

BU-midlane vert forvalta i samarbeid med organisasjonane For 2003 er det totalt løyvd,- kr 4.046.873 til totalt 39 saker. Det er nytta kr. 282.000 av løyvinga til praktikantordninga (19 saker i 2003).

Utviklingstiltak for og med ungdom er konkret knytt opp mot 4 prosjekt. Ungt entreprenørskap, ”start sjølv no”, ”mat og kunnskap i skolen” er stikkord. I tillegg er det fokus på ungdom i fleire andre prosjekt, slik at minimum 10% av løyvinga på 3,6 mill kroner er knytt spesifikt opp mot ungdom.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har lagt vekt på å følgje opp kommunane sitt arbeid med å vidareutvikle ROS-analysar. Beredskapsomsyn i samfunnsplanlegginga (BIS) vert særleg ivareteke ved aktivitet knytt til kommunale plansaker og ved tilsyn. Lågt utgreiingsnivå og manglande avklaringar har gjort det naudsynt å rette generell motsegn mot nokre framlegg om kommuneplanar. Oppfølging av ROS skjer elles ved gjennomføring av førebyggjande tiltak og ved utarbeiding av kriseplanar.

Fylkesmannen har i 2003 jobba med ein FylkesROS for Hordaland, og saman med viktige samarbeidsetatar valte ein i denne omgang å sjå på desse tema: epidemiar, farleg gods / akutt forureining, fiskeoppdrett / dyresjukdomar / landbruk, kraftforsyning, masseskadar / transportulykker og naturulykker. Arbeidet skjer som ein tverrfagleg prosess og vil halde fram i 2004.

Det er gjennomført tilsyn i 8 kommunar. Tilsynet dannar basis for det vidare arbeidet med beredskap i kommunane, og vi legg stor vekt på å gjennomføre tilsyn med høg kvalitet.

Fylkesmannen ivaretek samordningsfunksjonen under fredskriser, m.a. ulike møte med vekt på informasjon og drøfting i høve til samarbeidspartnarar. Vi har hatt eitt ordinært møte i fylkesberedskapsrådet. Omlegginga av Forsvaret har ført til ein endå nærare dialog med HV.

Fylkesmannen arrangerte saman med ei rekkje beredskapsaktørar i Hordaland, ei beredskapsmønstring på Torgallmenningen 5. november. Målet var at ulike beredskapssetatar skulle vise fram for publikum kva ansvar og oppgåver dei har innan tryggleik og beredskapsområdet. Samtidig var arrangementet eit ledd i å få til eit endå tettare og betre samarbeid og ei samordning i framtida.

Fylkesmannen har ivareteke sine sivilforsvarsoppgåver i 2003, og har vektlagt å få til ei ordna overføring av ansvar og oppgåver til den nye organisasjonen, i tillegg til å følgje opp Riksrevisjonen sine merknadar til materiellforvaltninga i sivilforsvaret.

2.7 Prioriterte oppgåver på miljøområdet

Vern og forvaltning av store verneområde

Konsekvensutgreiing og verneforslag for Folgefonna Nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde er utarbeidd. Hausten 2003 vart det halde ei rekke folkemøte og gjennomført lokal høyring av verneforslaget.

Den ferdigstilte forvaltingsplanen for Hardangervidda Nasjonalpark vil lettare avklare vanskelege problemstillingar i framtida. I Nærøyfjorden Landskapsvernområde er arbeidet med forvaltingsplan nettopp starta opp og fylkesmannen er med i styringsgruppa.

Meir røming og mindre lakselus

Arbeidet med dei trua laksebestandane i fylket tar framleis mykje tid. Mengda rømt fisk auka mykje siste vinterhalvår, men det har likevel vore ei klar betring i lakselusproblemet over lengre tid, og lakse- og sjøaurebestandane i store deler av fylket viser betring.

Mindre kalking

Reduksjon i midlane til kalking har ført til at kalkingsprosjekt i innsjøar i Hordaland er redusert med 34 % på 2 år, fra 3,5 mill kroner i 2001 til 2,3 mill kroner i 2003. Som følge av dette er talet på lokale kalkingsprosjekt i fylket redusert fra 36 til 22.

Miljøgifter er prioritert

Det er gjennomført kartlegging av forurensa sediment i Bergen Hamn og i Sørfjorden i Odda. For både Odda og Bergen vert arbeidet ført vidare med sikte på tiltak.

Det er gjennomført arbeid på 12 delegerte lokalitetar med forurensa grunn i Hordaland. For 10 av desse er måla sett i det nasjonale *Grunnforurensningsprosjektet* nådd og for dei 2 andre vert desse følgd opp i 2004.

Meir tilsyn

Gjennom arbeidet med tre nasjonale kontrollkampanjar er arbeidet med tilsyn kraftig styrka i 2003. Totalt vart det gjennomført 126 inspeksjonar innan farleg avfall, elektrisk og elektronisk avfall og sal av trykkimpregnert trevirke.

Miljøsatsingar i landbruket

I løpet av 2003 var det to store satsingar innafor landbruksområdet. Beiteproblematikken knytt opp mot attgroing har fått ein stor fokus. Gjennom *Prosjekt Beitelandskap* har vi ønskja å setje fokus på dei lokale ressursane som beiteareala utgjer i vår landsdel. Vidare er det trong for å få til gode modellar for samarbeid om fellesbeite. Utfordringa vidare vert å synleggjere dei lokale ressursane knytt til oppleving av landskapet, identitet og reiseliv . 6 kommunar er no i gang med eige fellesbeiteprosjekt som er knytt opp mot *Prosjekt Beitelandskap* . Beiteprosjekta ute i regionane legg m.a opp til inngjering av store areal og felles beitebruksplan .

Økologisk sauehald

Økologisk sauehald er eit anna satsingsområde der det var stor fokus på flaskehalsar både for auka produksjon , men også for auka omsetjing. For næringa er ein av flaskehalsane dei nye krava om liggeunderlag der strekmetall ikkje vert tillete. På Vestlandet er dette kravet vanskeleg å innfri, dette fører til redusert interesse for omlegging. Fylkesmannen har i 2003 gjennomført eit delprosjekt som går på ulike måtar å tilpasse seg desse krava.

Miljøprogram og miljøplan i landbruket

Arbeidet med innføring av miljøplan har vore eit prioritert arbeidsfelt ved embetet. Til dette arbeidet har det vore sett ned ei regional styringsgruppe. Gruppa har hatt 2 møte i 2003. Det har vore gitt ut eige lokalt tilpassa informasjonsmateriell og det har vore arrangert informasjonsmøte kring om i kvar kommune for gardbrukarane. Det har vore svært god oppslutnad på desse møta. I tillegg har arbeidet med oppfølging av miljøplanrådgjevarane vore høgt prioritert gjennom kompetanse- og nettverksbygging.

Arbeidet med regionalt miljøprogram vart starta opp i løpet av hausten ettersom Hordaland blei vald som pilotfylke for denne satsinga. Det blei etablert ei styringsgruppe for programmet der næringsorganisasjonane er viktige aktørar.

Organisert beitebruk

Det var 102 beitelag som var tilslutta org. Beitebruk. Av desse søkte 87 lag om ordinært tilskot, 4 av desse hadde ikkje fått org.nr. i orden. 15 lag søkte ikkje om dette tilskotet i det heile. 49 beitelag søkte om investeringstilskot til ulike tiltak i sine beiteområde. 3 lag har fått avslag på sine søknader, ingen klagar på vedtaka. Søknader frå 6 lag er utsette for nærare opplysningar. Kr. 206.058 vart utbetalt i investeringstilskot, kr. 267.045,- var klar til utbetaling (innregistrert på ulike beitelag). Hovuddelen av midlane gjekk til sankehegna og sperregjerde.

Midlar til spesielle miljøtiltak

Det kom inn totalt 294 ordinære søknader og 10 søknader om tilleggstilskot. Totalt vart det løyvd 8,34 mill. kroner til 284 tiltak (Fleire tiltak i same søknad) etter eit godkjent tilskotsgrunnlag på 17,42 mill. kroner.

Vedlegg til årsmelding 2003

MILJØVERNDEPARTEMENTET

Resultatområde 01: Vern og bruk av biologisk mangfold

Store verneområde

Konsekvensutgreiing og verneforslag for Folgefonna Nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde er utarbeidd og lokal høyring er gjennomført.

Den ferdigstilte forvaltningsplanen for Hardangervidda Nasjonalpark vil lettare avklare vanskelege problemstillingar i framtida. Forvaltningsplanen listar opp prioriterte oppfølgingstema som gjer ei klart definert koordineringsoppgåve ønskjeleg. Bygningsregistreringsprosjektet på Hardangervidda har blitt noko seinka på grunn av manglande tilbakemelding frå kommunane. Fylkesmannen har sytt for at prosjektet blir ført vidare med tilgjengelege ressursar og at kommunane er ansvarleg for data.

Overvakinga av ørekyte viser at det rotenonbehandla området ikkje har fått ørekyta tilbake. Oppgangsperrere både der og på andre lokalitetar synes å fungere slik dei skal. Forvaltinga av Hardangervidda har store utfordringar framover, ikkje minst knytt til motorisert ferdsel og lik forvaltingspraksis for byggesaker som restaurering, ombygging og tilbyggsaker.

Fylkesmannen tar del i forvaltinga av Stølsheimen Landskapsvernområde, men her ligg dei fleste forvaltingsoppgåvene til fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

I Nærøyfjorden Landskapsvernområde er arbeidet med forvaltningsplan nettopp starta opp og fylkesmannen er med i styringsgruppa. Det er behov for oppklaring av motorferdslereglane i verneområdet. Fylkesmannen har hatt møte med Voss kommune om dette. Det er etablert koordineringsrutiner med fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Små verneområde

Forvaltinga av våre små verneområde er ofte styrt av saker som dukkar opp og søknader om dispensasjon fra vernereglane. Mangel på tid og ressursar gjer det vanskeleg å ha ei *offensiv* haldning til mange av områda. Eit særleg skadelidande felt for tida er overvaking som krev innleigd fagpersonell.

Utøving av skjøtsel i dei av verneområda der dette er påkrevd har vore lågt prioritert i 2003. Det har i hovudsak samanheng med at dette ansvaret no er lagt til Statens Naturoppsyn (SNO), og det tar tid å få nye rutiner. Skjøtsel er eit avgjerande tiltak i ganske mange verneområde i Hordaland. Dette er viktig å følgje opp for å få forståing og aksept frå folk for å opprette verneområde.

Det har vore fleire møte med lokalt SNO og den løpande kontakt med dei SNO-tilsette er god. Så langt står det att å finne fram til ei funksjonell arbeidsdeling mellom fylkesmannen og SNO når det gjelder skjøtsel, noko som i første rekke har samanheng med at SNO er nyetablert i fylket og at det har vart lenge før detaljar om ressurstilgangen vart avklart. Det er eit klart forbettringspotensiale på rapporteringssida.

Også når det gjelder Hardangervidda er kontakten med SNO god. Det har likevel skjedd at våre bestilte og avtalte oppdrag på kort varsel har vorte nedprioritert. Dette skuldast SNO sine oppgåver knytt til rovvilt.

Meir røming og mindre lakselus

Arbeidet med dei trua laksebestandane i fylket tar framleis mykje tid. Dette gjeld særleg den store forskningsinnsatsen i Vosso og arbeidet med oppdrettsrelaterte problem for lakse- og sjøaurebestandane i Hardangerfjorden. Mengda rømt fisk auka mykje siste vinterhalvår, men det har likevel vore ei klar betring i lakselusproblemet over lengre tid, og lakse- og sjøaurebestandane i store deler av fylket viser betring. Dette gjelder særleg dei fleste laksebestandane i Nordhordland. I Hardanger har det diverre vore ei forverring i lakselusproblemet siste år, og bestandssituasjonen er framleis kritisk i dei fleste elvane.

Tildeling av 2 nye matfiskkonsesjonar for laks har for den eine søknaden sin del medført mykje meirarbeid, da denne vart plassert langt inne i Hardangerfjorden, ei lokalisering som er særleg konfliktfylt med tanke på villfisk.

Mindre kalking

Reduksjon i midlane til kalking har ført til at kalkingsprosjekt i innsjøar i Hordaland er redusert med 34 % på 2 år, fra 3,5 mill. kroner i 2001 til 2,3 mill. kroner i 2003. Som følgje av dette er talet på lokale kalkingsprosjekt i fylket redusert fra 36 til 22.

Viltartar med jakttid

Omlegging til lokal driftsplanbasert forvaltning går langsamt. Ein del kommunar har ein forvaltingspraksis som ikkje er i samsvar med intensjonane i hjorteviltforskrifta. Eigeomsstrukturen er det uråd å gjere noko med, men kommunane treng ofte eit meir potent verktøy for å utvikle ei bestandsretta forvaltning enn det hjorteviltforskrifta legg opp til.

Freda rovvilt

Streifdyr av jerv (ulv) gjer at det er eit stort informasjonsbehov knytt til forvaltning av rovvilt. Vi har fullført arbeidet med forvaltingsplan. Samarbeidet med SNO fungerer godt. Rovbasen vert brukt etter intensjonen i samband med sakshandsaming i erstatningsspørsmål. Det er få tilfelle der freda rovvilt er dokumentert som skadevaldar.

Nedbygging og fragmentering av leveområde

Når verneplanen for Folgefonna vert vedtatt vil det gi eit vesentleg bidrag til å sikre eit av dei få attverande område av relativt urørt natur i fylket. Når det gjeld nedbygging av andre viktige områder, som strandsona, i og langs vassdrag osv, held den negative utviklinga fram.

Kartlegging av biologisk mangfald

Gjennom ei tett oppfølgjing av kommunane er kartlegging komme i gang i 30 kommunar i fylket. 3 kommunar står att. 16 kommunar er ferdige og rapport er levert.

Inngrepsfrie naturområde

Karta over inngrepsfrie område er oppdatert i 2003 med hjelp frå kommunane.

Endring i kulturlandskapet

Omlegging av dei landbrukspolitiske virkemidlane har alt fått stor effekt i *småbruksfylket* Hordaland. Mange bruk er nedlagt, noko som vil forsterke dei endringane i kulturlandskapet som alt har skjedd.

Resultatområde 02: Friluftsliv

Fylkesmannen har meldt inn saker til sikring, spurt kommunar og friluftsråd om nye aktuelle område. Ny prioritetsliste med 40 område er klar.

Resultatområde 05: Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Det er gjennomført kartlegging av forurensa sediment i Bergen Hamn og i Sørfjorden i Odda. For både Odda og Bergen vert arbeidet ført vidare med sikte på tiltak.

Det er gjennomført arbeid på 12 delegerte lokalitetar med forurensa grunn i Hordaland. For 10 av desse er måla sett i det nasjonale *Grunnforurensningsprosjektet* nådd og for dei 2 andre vert desse følgd opp i 2004.

Fylkesmannen har godkjent fjellromsdeponi for forurensa massar i Stendafjellet i Bergen etter KU-prosess.

Resultatområde 06: Avfall og gjenvinning

Rettleiingsmateriell for oppgradering av fyllplassane kom sterkt forseinka like før jul, noko som har prega arbeidet på dette området.

Fjernvarmenettet frå forbrenningsanlegget i Bergen vart offisielt opna i august i år og vel 70 km rørleidningar er lagt. Fylkesmannen har handsama bygging/utviding av 2 varmesentralar i dette nettet.

Resultatområde 07: Klimaendringar, luftforureining og støy

Tiltaksplanar etter grenseverdiforskrifta for støy er under gjennomføring. Vi ventar på nytt støyregelverk og registrerer at trafikkveksten i Bergen framleis er høg, noko som truleg vil auke støyplagane.

Resultatområde 09: Regional planlegging

Fylkesmannen handsama 1364 plansaker i 2003. Av desse var 465 reguleringsplanar og 853 dispensasjonssaker. 372 dispensasjonssaker låg i 100-meters beltet i strandsona, noko som gjer at Hordaland har flest slike saker i landet. Det vart fremja motsegn i 16 saker og 74 dispensasjonssaker vart påklaga.

Kommuneplanar og ein omfattande dispensasjonspraksis har høg prioritet. Dette halvåret har fleire saker enn vanleg vorte nedprioritert grunna redusert kapasitet. Dei nye krava til tidsfristar vil føre til at fleire saker enn tidlegare må nedprioriterast. Kontroll av kommuneplanvedtak har gitt oss mykje ekstraarbeid. Det er vanlig at kommunane gjer store endringar i planane i sluttfasen.

Resultatområde 11: Tverrgående virkemiddel og fellesoppgåver

Det har vore auka aktivitet knytt til miljøinformasjon via www.miljostatus.no/hordaland og www.fylkesmannen.no/hordaland i 2003. Det er etablert redaktørgrupper hos fylkesmannen og på dei einskilde avdelingane. Prosedyrar er utarbeidd og ny oppdatering av stoffet på miljøstatus skjer. Fylkesmannen har og vore aktiv for å få kommunane til å lage kommunale miljøstatus på internett. Det er gjeve skjønnsmidlar til innkjøp av programvare og 13 kommunar i Hordaland er no i gang med arbeidet. Dei første reknar med å publisere eigen miljøstatus våren 2004.

TVERRGÅENDE OPPGAVER INNAN FORUREINING OG AVFALL

Meir tilsyn

Gjennom arbeidet med tre nasjonale kontrollkampanjar er arbeidet med tilsyn kraftig styrka i 2003. Totalt vart det gjennomført 126 inspeksjonar innan farleg avfall, elektrisk og elektronisk avfall og sal av trykkimpregnert trevirke.

I tillegg er det gjennomført revisjonar og inspeksjonar på andre felt der fylkesmannen er forureiningsstyresmakt.

LANDBRUKSDEPARTEMENTET

Resultatområde 21 – 30

Resultatområde: Landbruksbasert næringsutvikling.

Jordbruk

I løpet av 2003 var det to store satsingar på området. Beiteproblematikken knytt opp mot attgroing har fått ein stor fokus. Gjennom *Prosjekt Beitelandskap* har vi ønskja å setje fokus på dei lokale ressursane som beiteareala utgjer i vår landsdel. Vidare er det trong for å få til gode modellar for samarbeid om fellesbeite. Utfordringa vidare vert å synleggjere dei lokale ressursane knytt til oppleving av landskapet, identitet og reiseliv . 6 kommunar er no i gang med eige fellesbeiteprosjekt som er knytt opp mot *Prosjekt Beitelandskap* . Beiteprosjekta ute i regionane legg m.a opp til inngjerding av store areal og felles beitebruksplan .

Økologisk sauehald er eit anna satsingsområde der vi i 2003 hadde stor fokus på flaskehalsar både for auka produksjon, men også for auka omsetjing. For næringa er ein av flaskehalsane dei nye krava om liggeunderlag der strekkmetall ikkje vert tillete. På Vestlandet er dette kravet vanskeleg å innfri, dette fører til redusert interesse for omlegging. Fylkesmannen har i 2003 gjennomført eit delprosjekt som går på ulike måtar å tilpasse seg desse krava.

Miljøprogram og miljøplan

Arbeidet med innføring av miljøplan har vore eit prioritert arbeidsfelt ved embetet. Til dette arbeidet har det vore sett ned ei regionalstyringsgruppe. Grappa har hatt 2 møte i 2003. Det har vore gitt ut eige lokalt tilpassa informasjonsmateriell og det har vore arrangert informasjonsmøte kring om i kvar kommune for gardbrukarane. Det har vore svært god oppslutnad på desse møta. I tillegg har arbeidet med oppfølging av miljøplanrådgjevarane vore høgt prioritert gjennom kompetanse- og nettverksbygging.

Arbeidet med regionalt miljøprogram vart starta opp i løpet av hausten ettersom Hordaland blei vald som pilotfylke for denne satsinga. Det blei etablert ei styringsgruppe for programmet der næringsorganisasjonane er viktige aktørar.

Organisert beitebruk

Det var 102 beitelag som var tilslutta org. beitebruk Av desse søkte 87 lag om ordinært tilskot, 4 av desse hadde ikkje fått org.nr. i orden. 15 lag søkte ikkje om dette tilskotet i det heile.

49 beitelag søkte om investeringstilskot til ulike i tiltak i sine beiteområde. 3 lag har fått avslag på sine søknader, ingen klagar på vedtaka. Søknader frå 6 lag er utsette for nærare opplysningar. Kr. 206.058 vart utbetalt i investeringstilskot, kr. 267.045,- var klar til utbetaling (innregistrert på ulike beitelag). Hovuddelen av midlane gjekk til sankehegna og sperregjerde.

Økologisk landbruk

Vi fekk etter utlysing inn til saman 16 søknader med ein søknadssum på kr 870 000,-. I samsvar med satsingsområda for 2003 blei prosjekt innan desse områda prioritert; produktutvikling, marknad og direkteomsetning, rettleiing, nettverk og rekruttering.

Til saman 12 prosjekt har fått midlar til ulike tiltak. Det er mellom anna løyvd tilskot til nettverksbygging i regi av Oikos Vest, utvikling av både plante-, bær- og fruktproduksjon, etablering av produsentlag for økologisk frukt i Hardanger, gjennomføring av kartlegging av

butikksjefane sin strategi for omsetning av økologisk mat og økologisk torgdag i Bergen, sjå vedlagt tabell for fullstendig oversikt.

Vi er svært nøgd med samarbeidet med våre aktørar. Alle gjer eit svært viktig arbeid med å fremje produksjon og omsetnad av økologiske produkt i Hordaland. Utfordringane vidare i åra som kjem vert at fleire både produserar og omset økologiske produkt. Status for Hordaland når det gjeld produksjon er at vi ikkje har fått nokon auke i omlegging til økologiske produksjonar. Vi trur at bilete er samansett og ikkje eintydig. Likevel trur vi at dei ulike prosjekta knytt til handlingsplanen og dei nasjonale pilotprosjekta på Vestlandet vil vere av stor verdi framover. Prosjekta er alle i oppstartsfasen og resultatane er enno ikkje tilgjengeleg for formidling til forbrukarar eller næringa.

Skadefondet for landbruksproduksjon

Det vart i 2003 betalt ut tilskot til 7 søkjarar med til saman kr 48 629, for alle desse var det avlingssvikt på eng.

Fylkesvise miljø- og kulturlandskapsmidlar

- *Midlar til spesielle miljøtiltak*

Det kom inn totalt 294 ordinære søknader og 10 søknader om tilleggstilskot. Totalt vart det løyvd 8,34 mill. kroner til 284 tiltak (Fleire tiltak i same søknad) etter eit godkjent tilskotsgrunnlag på kr 17,42 mill. kroner.

Det vart gjeve 38 avslag som fordeler seg slik: 6 utan prod.till., 26 ikkje prioritert, 2 mangelfulle søkn., 2 for lite midlar og to for andre årsaker.

Tilskotssummen var delt på ulike tema med følgjande %;

- planlegging av fellestiltak 0.5%
- biologisk mangfald 9.1%,
- gamal kulturmark 42.8%,
- fremje tilgjenge 6.1%,
- kulturminne 22.5% og
- freda og verneverdige bygg 19.0%.

2003 var eit rimeleg aktivt år for fagområdet freda og verneverdige bygningar og kulturminne. Det kom inn totalt 90 ordinære søknader og 6 søknader om tilleggstilskot. Totalt vart det løyvd kr 2.768.870 til 77 tiltak etter eit godkjent tilskotsgrunnlag på kr. 6.527.000 for nye søknader. Det vart løyvd tilskot til 94 bygg og alle var enkelttiltak.

14 søknader fekk avslag og fire søknader vart enten trekt, utsett eller returnert. 44 saker gjaldt mindre bygningar i landskapet og 33 saker om freda og verneverdige bygg. Totalt er det ytt tilskot til 102 bygg.

Fagheftet ”Kvernhus. Drift og funksjon” låg ferdig trykt i oktober. Heftet er no spreidd over heile landet og halve opplaget på 2000 eksemplar er enten selde eller gjeve bort. Særs bra attendemeldingar på heftet.

Det vart gitt 33 avslag. I tillegg fekk ein del søkjarar delvis avslag, t.d. avslag på deltiltak.

Det har kome inn 15 klagar. Av desse er det 5 klagar som byggjer på delvis avslag. Dei andre 10 er klagar på avslag.

Det er enno ikkje gjort opp endeleg status for handsaming av klagane.

Auken i tal klagar har nok samanheng med den knappe kvota sett i høve til talet på søknader.

- *Områdetiltak*

Områdetiltaksordninga var frå august 2000 og ut 2003 ein del av eit større BNL-program (Bærekraftig Næringsutvikling i lokalsamfunna). BNL er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune og SND der føremålet er næringsutvikling med grunnlag i lokale kultur- og naturressursar og områdetiltakssatsinga har i programperioden vore prega av dette. Løyvinga frå 2003 gjekk til 20 områdetiltak, 13 av desse var nye dette året.

Som nemnt i rapporten for 2002 var Folgefonnhalvøya hovudsatsingsområde, her er det mange spennande koplingar. Folgefonna Nasjonalpark, Turistveg Hardanger, Folgefonn Informasjonssenter. Kulturlandskapet er sentralt opp mot mykje av ovanfor nemnde og fokus er sett på korleis nytta landskapet i næringssamanheng.

Mange tiltak er no i avslutningsfasen og på grunnlag av statusrapportar kan ein seia at det er gjort mykje godt arbeid i tiltaka. Gjennomgåande tema er skjøtsel/oppretthalding av kulturlandskap, skjøtsel av vassdrag, tur- og stølsveggar og trivselstiltak i bygdene.

- *Informasjons- og utviklingsarbeid*

Hordaland fylke vart tildelt kr 440 000,- til informasjons- og utviklingstiltak i 2003. Midlane er hovudsaklig prioritert inn mot satsinga på innføring av miljøplan. Midlane har gått til kommunevise møte, produksjon av lokalt tilpassa rettleiingsmateriell og etter- og vidareutdanning av miljøplanrådgjevarane.

Fylkesmannen var i 2003 prosjektleiar for det felles nordiske prosjektet *Jordbrukslandskapet som ressurs*. Til konferansen som var eit ledd i prosjektet vart det utarbeidd ein samling på døme frå Hordaland fylke på korleis verdiane i kulturlandskapet kan skape nye inntekter og trivsel, og framtidig levegrunnlag på bygdene. Dette arbeidet vert vidareforedla og tenkt nytta som gode døme for næringa på satsinga på kulturlandskap. Det nordiske prosjektet har fått svært god merksemd i nasjonale og regionale aviser og TV. Eit resultat vart at attgroing som tema vart sett på den politiske dagsorden i Noreg sumaren 2003. Media nytta heftet saman med "Biletspelet" som døme frå Hordaland på konsekvensar av attgroing og kva ressursar landskapet representerar av verdier.

Skogkultur.


I 2003 vart det ikkje gjeve statstilskot til skogkulturtiltak. Dette har ført til ein merkbar nedgang i investeringar til skogetablering. I 2002 vart det planta 2000 daa ny skog, men i 2003 er aktivitetsnivået redusert til 700 daa. (35% mindre) Skogkulturaktiviteten har i dei siste 50 år aldri vore lågare enn no. Nokre kommunar hadde kommunale tilskotsordningar til skogkultur. Dette påverka resultatet positivt.

Følgjande tiltak vart gjennomført under ordninga "Ekstra skogkultursatsing": Kvinnherad, Tysnes, Fusa og Kvam samarbeider om eit prosjekt der ein prøver å finne interessante områder, oppsøkje skogeigarar og å få gjennomført avtalte tiltak. Prosjektet har vore i gang i fleire år og oppnådd gode resultat. Andre kommunar har gjennomført liknande prosjekt. Allereie i 2001 vart det sett av eit beløp til utarbeiding av ei brosjyre "Lønnsomt skogbruk". Arbeidet vart gjennomført saman med Skogforsk og Skogeigarlaget Vest i 2003. Totalt vart ca. kr 40000,- brukt til dette.

Skogens helsetilstand.

Registreringar av kronetettleik og kronefarge hjå skogstrea har gått føre seg sidan 1988. Dei siste tre åra har graden av utglisning og misfarging vorte redusert. Skogen har såleis god helse, særleg her på Vestlandet. Klimaendringar og meir ekstremt vèr vil nok spele ei viktig rolle for helsetilstanden i skogen i framtida.

Skogsvegar.



År	Bil veg (km)	Traktor veg (km)	Bil + traktor veg (km)
1990	16,8	91,3	108,1
1991	16,5	56,8	73,3
1992	22,2	47,2	69,4
1993	13,3	36,7	50,0
1994	19,2	22,4	41,5
1995	25,2	36,9	62,1
1996	22,7	20,5	43,2
1997	19,2	17,4	36,6
1998	11,8	19,8	31,6
1999	11,8	15,7	27,5
2000	25,7	15,4	41,1
2001	9,0	3,0	12,0
2002	19,3	10,5	29,8
2003	12,0	4,0	16,0

Oversyn over utviklinga i skogsvegbygginga 1990 -2003.

Tala i tabellen er inkl. ombygging

Det er framleis stor aktivitet i skogsvegbygginga i Hordaland, men på grunn av mindre statstilskot vert og aktiviteten lågare. For året 2003 vart det ferdigstilt 17 bilveganlegg med ca 12 km vegar, av dette 8 km nyanlegg og 4 km ombygging. I tillegg vart det ferdigstilt 7 traktorveganlegg med totalt 4 km. Alle desse vegane har fått statstilskot. Desse vegane har ein samla kostnad på vel 7 mill. kroner, statstilskotet utgjorde vel 4 mill. kroner eller om lag 57%. Totalt vart det utbetalt 4,5 mill. kroner i tilskot til skogsvegbygging i 2003 mot 5,2 mill. kroner i 2002. Kvaliteten på vegbygginga er framleis svært bra.

Tilskot til drift i vanskeleg terreng.

16 skogsdrifter vart i 2003 innvilga tilskot gjennom denne ordninga for å drive ut vel 2194 m³ tømmer. Heile kvantumet vart drive med taubane. Normalt avgjer brattheita om tilskot vert innvilga, men i Hordaland har vi innført ei miljøordning der ein kan få tilskot uavhengig av stigning dersom bruk av tradisjonell reidskap vil lage unormalt stygge sår i terrenget. Taubane er då eit godt, men dyrt alternativ. Mange drifter kjem i denne kategorien.

Tilskotsordninga er og viktig med tanke på å halda oppe eit miljø av kompetente taubanefolk i fylket. Mykje av den tidlegare skogreisninga vart lagt på mark der taubane er einaste alternativ for å hauste med forteneste.

Skogbruksplanlegging og miljøregistreringar.

Det har vore gjennomført skogbruksplanlegging i Ulvik kommune i 2003. Dette er første kommune der Skogeigarlaget Vest utarbeidar planar til skogeigar for andre gong. Metodikken som er brukt er registrering av volum i hogstklasse 4 og 5 ved hjelp av prøveflater og ajourføring av bestandsstrek ved hjelp av ortofoto.

Miljøregistrering er gjennomført i Kvinnherad. Dette er eit spleiselag mellom staten, kommunen og Skogeigarlaget Vest.


Det er arbeid med hovudplan for skogbruksplanlegging på slutten av året. Dette er ein gjennomgang av kva for metodar ein skal nytte i skogplanlegginga framover og i kva kommunar ein skal bruke ressursar. Denne vil komme på høyring til kommunane på nyåret i 2004.

Gjenstående kommunar i fyrste omdrev kor det er aktuelt å tilby skogeigar plan er Odda, Bømlo, Jondal og Masfjorden. I 2004 vil skogeigarar i Masfjorden få tilbod om utarbeiding av plan.

Skogavgiftsrekneskapen.

Skogavgiftsordninga vart reformert i 2003 med hevinga av skattefordelssatsen frå 35% til 60%. Skogavgift skal etter bortfall av tilskot til skogplanting i framtida bli eit sterkt virkemiddel for skoetablering på Vestlandet. Bruk av skogavgift skal medverke til å auke aktiviteten i skogen.

Det vart investert i skogbrukstiltak **10,72 mill. kroner** totalt i 2003, mot 15,88 mill. kroner i 2002. Rundt 1,8 mill. kroner skogavgift vart utbetalt til ulike føremål. Innestående skogavgift pr 31.12.03 er 7,3 mill. kroner.



Hogstkvantum.

Det vart hogd og registrert i databasen for virkesomsetning til saman **39.383 m³** (38.148 m³ i 2002) i fylket. Meldt tømmer tilsvarar ein bruttoverdi på 11,5 mill kroner og 1,8 mill kroner i skogavgift.

Bygdeutvikling

Fylkesmannen har utvikla eit godt samarbeid med næringsorganisasjonane, fylkeskommunen og Innovasjon Norge på dette område. Vi bidreg inn i sekretariatet for RUP og har i 2003 hatt prosjekt med i denne planen. Fylkesmannen deltar i regionalt næringsforum som er eit forum der næringsaktiviteten i fylket vert koordinert.

Hovudsatsinga på næringsområdet var for 2003 knytt mot følgjande områder;

- Mat- og matforedling der vi har forlenga prosjektsatsinga vår etter sterkt påtrykk frå næringa. Her er kompetanse, nettverk og rettleiing på marknadssida viktige stikkord i arbeidet. Aktiviteten på dette området er stor, det er spesielt foredling og omsetjing av lammekjøtt som har det største potensialet her i fylket. Vi har fått ei viss regionsatsing i fylket der Hardanger vil satse mot Riksvei Hardanger og servering i tilknytning til denne. Elles har Voss eiga satsing med "Vossameny" der kontakten mellom næringa, hotell/restaurant og foredlingsbedriftene vert styrka. I 2003 kom også Sunnhordland med Etne i gang med eiga matsatsing, her har vi vore pådrivar. Også i 2003 vart det gjennomført stor matfestival "Bønder i byd'n".
- Kulturlandskap og næringsutvikling. Prosjektet BNL- bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunnet – har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen og SND for å sjå på grunnlaget for næringsutvikling ift kultur, landskap og miljø, (sjå under områdetiltak). Prosjektet vart avslutta dette året
- Bygdekultur og – sosiologi. Prosjekt "Trivselsgrenda" vart i 2003 vidareført ved at 12 nye kommunar kom med i prosjektet. Resultata frå hovudprosjektet som omhandla trivselsfaktorar i bygdene og kva som gjer at folk vert buande, vart formidla vidare til dei nye grendane. Her vart det starta prosessar som skal utvikle og betre trivselen. Arbeidet vert styrt av prosjektleiar i 100% stilling fram til sommaren 2004
- Skogeigarlaget Vest avslutta vinteren 2003 prosjektet "Landbruket som energileverandør". Prosjektet hadde som målsetting å informere om bioenergi og initiere lokale prosessar som kunne føre til konkrete etableringar av lokale bioenergianlegg. Prosjektet vart støtta av Fylkesmennene i Rogaland og Hordaland gjennom Bygdeutviklingsmidlane. Ein klarte i prosjektperioden å skape mykje interesse for bioenergi utan at det førte til konkrete etableringar. Fylkesmannen var med på å evaluere prosjektet og det var semje om at den aukande interessa for bruk av bioenergi måtte følgjast opp. Skogeigarlaget Vest held fram med si satsing på bioenergi, men no knytt opp mot lokale einskildprosjekt. I løpet av 2003 har dei lukkast i å få på plass ein avtale med Voss kommune om biovarmeleveransar til Oppheim omsorgssenter. Her er skipa eit lokalt skogeigareigd selskap, Voss Bioenergi, som skal stå for investering i varmesentral og levere varmtvatn til avtalt pris pr kWh. Fylkesmannen har gitt støtte til utviklingskostnadene i samarbeid med SND/Innovasjon Noreg. Det er vidare i gang lokale prosessar på Osterøy, Tysnes, Kvinnherad, Sveio m.fl. Vi ynskjer å vera ein sentral aktør i utviklinga av bioenerginæringa i Hordaland. Fylkesmannen har m.a. tatt initiativ til eit utviklingsprosjekt med siktemål å prøve ut ulike driftsopplegg for utdrift av bioenergivarke og produksjon av skogsflis.
- Treprogrammet. Prosjektet "Tre i sentrum" i regi av fylkesmannen vart etablert i 2003. Som mål for prosjektet er sett opp:
 - auka lokal vidareforedling av trevirke
 - auka bruk av trevirke
 - auka produktutvikling & nyskaping
 - auka kompetanse og kunnskapsformidling.Prosjektperioden er inntil vidare 1,5 år, og i tillegg til fylkesmannen er Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge med å finansierer prosjektet.

BU-midlane vert forvalta i samarbeid med organisasjonane. For 2003 er det totalt løyvd,- kr 4.046.873 til totalt 39 saker. Det er inndrege kr. 446.873. Kr. 282.000 av løyvinga er nytta til praktikantordninga (19 saker i 2003).

Vedteken strategi har 3 hovudsatsingsområde. Fordelinga for 2003 vart slik:

- Utvikling i forhold til nyskaping i eksisterande og nye bedrifter kr 1.442.205,-
- Kompetanseutvikling og aktiv bruk av kunnskap kr 483.855,-
- Konkurransedyktige lokalsamfunn kr 830.000,-

Utviklingstiltak for og med ungdom er konkret knytt opp mot 4 prosjekt. Ungt entreprenørskap, ”start sjølv no”, ”mat og kunnskap i skolen” er stikkord. I tillegg er det fokus på ungdom i fleire andre prosjekt, slik at minimum 10% av løyvinga på 3,6 mill kroner er knytt spesifikt opp mot ungdom.

Resultatområde: Arealforvaltning.

Fylkeslandbruksstyret er eit statleg særlovsorgan som er sett til å handsame arealdisponeringssaker på fylkesnivå. Fylkesmannen fungerer som sekretariat for fylkeslandbruksstyret og handsamar dei fleste sakene som fullmaktssaker. Fylkeslandbruksstyret hadde i 2003 – 8 styremøte. Styremøtet i mai vart halde i København i samband med ein styretur til Danmark.

Hovudmålet for arealforvaltningsarbeidet er å sikre areal som grunnlag for varig landbruksproduksjon, og forvalte arealressursane for å fremje verdiskaping, busetjing og sysselsetjing.

Vi har eit spesielt fokus på kommuneplanane. Fleire kommunar er i ferd med å revidere planane, og vi har teke del i ei rekke møte i løpet av 2003 i samband med oppstartsmelding. Det ser vi som sers nyttig, og gir eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med slike kommuneplanar.

Fylkeslandbruksstyret legg strateginotatet – ”Levande Bygder” til grunn for sitt arbeid. Føremålet med denne strategien er å leggje til rette for ei utvikling av levande bygder og ta vare på jorda som produksjons- og næringsgrunnlag. Strategien tek særleg sikte på å tilpasse praktiseringa dei særskilde utfordringar og målsetjingar som er aktuelle i Hordaland. Både kommunar, grunneigarar, søkjarar og andre aktørar som deltek i arealforvaltingsakar vil dermed kunne setje seg inn i den arealpolitikken som vil bli ført i Hordaland

Jordlova § 12 inneheld eit generelt forbod mot deling av landbrukseigedomar. Fylkeslandbruksstyret handsama 157 slike saker i 2003, enten som førsteinstans eller som klageorgan. Det vart gitt samtykke til deling i 132 av desse sakene.

Etter konsesjonslova § 2 er all overdraging av fast eigedom i utgangspunktet konsesjonspliktig. Det vart handsama 197 saker av fylkeslandbruksstyret i 2003.

Odelstretthavarar og nær slekt kan overta landbrukseigedomar konsesjonsfritt. Dette utløyser bu- og driveplikt i 5 år. Desse reglane er viktige for å sikre at den som eig ein landbrukseigedom også bur på eigedomen og driv han. Det er likevel høve til å søkje om fritak frå bu- og driveplikta. Det er kommunen som er vedtaksføre i slike saker. I 2003 handsama fylkeslandbruksstyret 10 klagesaker som gjaldt slike fritakssøknader.

For å sikre ei forsvarleg praktisering og skjønnsutøving frå kommunalt hald i saker etter jordlov- og konsesjonslov i tråd med nasjonale styringssignal, vart det i november halde eit arealforvaltningsseminar for kommunane. Dei fleste kommunar i fylket var representerte på dette seminaret, som vi ser på som sers nyttig. Landbruksdepartementet og Statens Landbruksforvaltning tok også del på dette seminaret.

- **Geodata/GIS**

Ved embetet har det i 2003 vore særleg fokus på å legge til rette for ein avdelingsovergripande plattform for bruk av geodata. Dette gjeld både oppsett av felles innsynsløysing og fortløpande innlegging og tilrettelegging av grunndata frå Arealis og SK, samt fagspesifikke datasett. Som eit ledd i dette arbeidet har ein også oppretta eit eige "GIS-forum" på tvers av avdelingane (landbruk, miljøvern og beredskap). Her blir problemstillingar og utfordringar rundt dette arbeidet tatt opp og drøfta. Arbeidet med tilrettelegging av geodata som sakshandsamingsstøtte for fleire avdelingar vil vidareførast i 2004. Dette gjeld både oppsett og innhald på geodata-server, samt kursing eller individuell opplæring for sakshandsamarar.

Ressursbruk innan fagfeltet har i 2003 elles vore fokusert i stor grad innan spesifikke prosjekter på avdelingane som krev, eller med fordel inkluderer bruk av særleg GIS-kompetanse.

- **Geovekst (kartetablering)**

Fylkesmannen har deltatt i alle pågåande Geovekst prosjekt i fylket i 2003. Samla er det brukt om lag 1,4 mill kroner på dette arbeidet. Det er kontantbidrag fra Landbruksparten og verdien av digitalt markslagskart (DMK) som er produsert av NIJOS. Det har vore størst aktivitet på kartetablering i Odda, Ullensvang og Eidfjord. Etablering av eit digitalt kartgrunnlag nærmar seg nå ferdigstilling for Hordaland fylke. Fokus er nå meir på vedlikehald av kartgrunnlaget. I tillegg vart det arbeidd med transformasjon av grunnlagsnettet fra NGO til Euref89.

I tillegg er etablering av ortofoto ei større satsing som er initiert av landbruksparten. DMK blir oppdatert ved hjelp av ortofoto 2003.

- **Verneplan for Folgefonna**

For å gje landbruksinteressene ein betre plass i planprosessen for Folgefonna nasjonalpark har fylkesmannen sett av ekstra ressursar. Sentrale bidrag i dette er medverknad til betre grunneigarorganisering og datafangst av landbruksressursane. Det er gjennomført ein analyse av konsekvensar for landbruksnæringa ved ulike vernealternativ. Desse er presentert i ein særskilt rapport. Framlegg til verneplan og konsekvensutgreiing vart sendt på lokal høyring i august med høyringsfrist 01.12.03. Landbruksavdelinga samarbeider tett med miljøvernavdelinga om moglege endringar og tilpassingar for å redusere dei negative konsekvensane for landbruket.

JUSTISDEPARTEMENTET

Resultatområde 51 til 57

Rapporteringskravet går fram av vedlegg til tildelingsbrevet for 2003

Resultatområde 51.1 Stiftelsar

Det vart registrert 20 nye stiftelsar i Hordaland.

Vi har handsama 17 søknader om omdanning. Av desse var 5 søknader om oppløysing. Vi har teke imot 610 stiftelsesrekneskap, og vi har føreteke stikkprøvar blant desse. Ingen av gjennomgangane av rekneskapa har gitt grunnlag for nærare undersøking av forvaltning og drift. Ingen av stiftelsane er vurdert granska. Dessutan har vi hatt pantelånsøknader, oppnemning av styremedlemer, auke i honorar og godkjenning av legatmidlar m.v. Mykje tid går og med til å svare på telefonførespurnader.

Resultatområde 51.2 Overformynderi/verjemål

Vi har handsama 12 saker/klagesaker etter verjemålslova. I 3 tilfelle har dette gjeve grunnlag for nærare vurdering/tilsyn. I tillegg er det gjeve dels skriftleg dels munnleg rettleiing i fleire saker. Det er motteke rekneskap frå alle overformynderia.

Resultatområde 51.3 Forlikråda

Vi har i 2003 motteke 2 ”klager” over verksemda til forlikråda. Vidare har det vore ein del førespurnader kring forlikrådet si verksemd, både frå privatpersonar, inkassobyrå og kommunar. Kurs for forlikråda er halde.

Resultatområde 52.1 - Fri rettshjelp

Fylkesmannen mottok i alt 3612 saker vedkomande fri rettshjelp. Desse fordelar seg med 637 søknader om fritt rettsråd, 212 søknader om fri sakførsel, medan resten er innsendte arbeidsoppgåver frå advokatar der advokaten sjølv har kompetanse til å innvilge fritt rettsråd.

393 søknader om fritt rettsråd vart innvilga, medan 244 vart avslagne. 171 søknader om fri sakførsel vart innvilga, medan 41 vart avslagne.

Sakshandsamingstida for tilvising av arbeidsoppgåver var 4 veker pr. 31.12.03.

Handsamingstida for søknader om fritt rettsråd var 6 veker pr. 31.12.02.

Det går mykje tid med til rettleiing av advokatar og publikum.

Resultatområde 52.2 Valdsoffererstatning

Vi handsama 209 saker i 2003. 128 av søknadene vart innvilga. I 2003 vart det samla utbetalt kr. 6.174.427,- i erstatning til valdsoffer. Alle nye saker etter 01.09.2003 blir no sakshandsama av den nye sentrale eininga i Vardø.

Resultatområde 52.3 Namnelova

Folkeregistra tar no alle namnesaker i første hand. Fylkesmannen har handsama 8 klagesaker i 2003. Det er ikkje lenger rapporteringsplikt til departementet for desse sakene. (Unntatt i heilt spesielle høve).

Resultatområde 52.4 Tomtefestelov

Vi har handsama 2 saker om innløyising av tomtefeste i 2002. Ei sak vart avvist, og ei vart avslegen.

Resultatområde 52.6 Dekningslova

Det er handsama ein søknad om omdanning av privat beslagsforbod.

Resultatområde 52.7 Kommunale politivedtekter

Ingen kommunale politivedtekter er mottekne for vidaresending til departementet.

Resultatområde 55: Auka samfunnstryggleik i fylket

Fylkesmannen har lagt vekt på å følgje opp kommunane sitt arbeid med å vidareutvikle ROS-analyser. Beredskapsomsyn i samfunnsplanleggjinga (BIS) vert særleg ivareteke ved aktivitet knytt til kommunale plansaker og ved tilsyn. Vi arbeider aktivt for å motivere kommunane til å leggja vekt på omsyn til samfunnstryggleik i arealplanleggjinga. Lågt utgreiingsnivå og manglande avklaringar har gjort det naudsynt å rette generell motsegn mot nokre framlegg om kommuneplanar. Oppfølging av ROS skjer elles ved gjennomføring av førebyggjande tiltak og ved utarbeiding av kriseplanar.

Fylkesmannen har i 2003 gjennomført tilsyn i 8 kommunar. I tillegg vart det gjennomført formøte med to kommunar med sikte på tilsyn rett etter årsskiftet. Tilsynet dannar basis for det vidare arbeidet med beredskap i kommunane, og vi legg stor vekt på å gjennomføre tilsyn med høg kvalitet.

Fylkesmannen ivaretek samordningsfunksjonen under fredskriser, m.a. ved informasjon og drøfting i høve til samarbeidspartnarar. "Samordningsavtalen" mellom FM og politimeistrane vart revidert i 2002, og formelt underskriven i 2003. Det same gjeld "lokalradioavtalen". Fylkesberedskapsrådet har vore samla til eitt ordinært møte i 2003.

I februar gjennomførde vi "Øv Hordaland 2003" der 27 av 33 kommunar deltok. Øvinga var ei vidareføring av "Øv Hordaland 2002" – og vart planlagt og gjennomført i samarbeid med kommunane. Fylkesmannen har i 2. halvår trekt kommunane inn i eit samarbeid i høve til å planleggje neste "Øv Hordaland" som vil bli avvikla i 1.kvartal 2005. Dette samarbeidet vil halda fram gjennom heile 2004.

Den årlege og uvarsla beredkapsøvinga "Øv Lyneld" vart gjennomført for samtlege kommunar 4. desember. Kommunane skulle varsle kriseleiinga, iverksetje rapportering og kontrollere eigne varslingslister m.v. Øvinga starta kl 0805 og vart avslutta omkring kl 1500. Fylkesmannen er nøgd med resultatet av øvinga.

Det vart gjennomført samling av Atomberedskapsutvalet (ABU) i Hordaland i november 2003. Fylkesmannen har vore med i dei varslingsøvingar som har vore skipa til. Atomberedskapsplanen vart gjennomgått og revidert utgåve vert sendt ut på nyåret 2004. Oppgåvene i samband med rasjoneringsberedskap (*på vegne av NHD, OED og SD*) er ivaretekne.

Beredskapsdagen 5. november vart gjennomført i samarbeid med Os kommune og Bergen SFK. I tillegg vart det skipa til ei mønstring av 23 ulike aktørar under fellesnemninga samfunnstryggleik. Både offentlege styresmakter og verksemder, private firma og frivillige organisasjonar deltok, og ein av vinstane er tettare samvirke mellom aktørar som har eit beredskapsansvar. Arrangementet var vellykka – og arbeidet med å skipa eit utvida arrangement i 2004 vart starta opp rett etter evalueringsmøtet.

Resultatområde 56: Sivilforsvaret

Fylkesmannen hadde overordna ansvar for sivilforsvarsetaten fram til årsskiftet 2003-2004. Fylkesmannen har ivareteke alle sivilforsvarsoppgåver i 2003, og har vektlagt å få til ei ordna overføring av ansvar og oppgåver til den nye organisasjonen. Som ei fylgje av omorganiseringa, vart to av medarbeidarane våre overførde – saman med oppgåvene sine - til DSB frå 31. desember.

Fylkesmannen har sett til at krinsane utfører prioriterte oppgåver og når dei mål som er sette i samsvar med budsjettdirektivet for ytre etat. Vi har inspisert og rapportert etter å ha delteke på øvingar for KI-avdelingar og vi har elles informert om Sivilforsvaret – særleg med tanke på bistand i fredstid - i samband med øvingar, møte m.v.

Oppgåvene innafor landsdelsansvaret har vore høgt prioriterte. Innan varsling har arbeidet med utskifting av gamle og montering av nye varslingsanlegg; trykktankar, RDS-skap m.m. halde fram. På materiellsida har ein arbeidd for å få orden og kontroll på både mengder materiell, men og lagringsforhold, instruksar, materiellrekneskap m.m. I november gjennomførde DSB saman med fylkesmannen generaloppteljing for 3 lagerstader i Bergen SFK.

Resultatområde 57: Plikter innan sivil-militært samarbeid og planleggjing for tryggjingspolitisk krise og krig

Fylkesmannen har framleis betydelege oppgåver med planleggjing, informasjon, kontakt og samordning i høve til krigsrelatert beredskap. M.a. kan vi nemne SBS og uttak og prioritering knytt til nøkkelpunkt og distriktsobjekt – med samordning av interessene til Forsvaret, Politiet, objekteigar og den sivile delen av Totalforsvaret.

Omleggjinga av Forsvaret m.a. med nedleggjing av territorielle regiment og distriktskommandoar har gjort det naudsynt å utvikle nye samarbeidslinjer på regionalt nivå. Det har vore gjennomført eit kontakt og informasjons-møte med HV 10. Fylkesmannen er ajour med arbeidet innan Bygg- og anleggsberedskap (*på vegne av NHD*) – i høve til innmelde behov frå Forsvaret.

Diverse oppgaver

I tillegg til dei prioriterte oppgåvene, har Fylkesmannen mange oppgaver av generell og vedvarande karakter. Dette er løpande oppgaver som frå år til år vil krevja ulik mengde arbeid.

Gradert samband

Det blir øvd jamleg på dei graderte sambandsystema, både stasjonært og mobilt utstyr. Det stasjonære utstyret (PBS) blir opna ein til to gonger i veka.

Klarering

Klarering av personell i eigen organisasjon, i fagorgan og i kommunane legg i vekslande grad beslag på tid og arbeidsressursar. Dette er arbeid som må utførast, som ikkje kan venta og som set svært store krav til kunnskap, presisjon og diskresjon.

Beredskapsvarsel

Mottak og vidaresending av beredskapsvarsel har fått auka aktualitet som følge av konkret ansvar for varsling av m.a. atomulykker, flom, flod og ekstreme vertilhøve. I 2003 er det journalført 11 varsel – både i og utanfor vanleg arbeidstid. I tillegg har Fylkesmannen fått melding om alle aksjonar der personell frå Sivilforsvaret er involvert. Denne ordninga opphøyrer frå 2004.

Fritaksordninga

Fylkesmannen administrerer fritaksordninga (fritak for frammøte ved mobilisering). Ordninga medfører årleg revisjon av alle fritak som vert gjeve til nøkkelpersonell i private og offentlege verksemdar.

Rekvisisjonar til sivile og militære føremål

Fylkesmannen har medansvar for bygningsrekvisisjonar til militære føremål, for rekvisisjonar av køyrety og farty - og for å rekvirera grunn til militære øvingar.

Informasjon og opplæring

Beredskapseininga har ved fleire høve gjeve orienteringar og føredrag med informasjon om Totalforsvaret og Det sivile beredskap for frivillige organisasjonar, private og offentlege verksemdar – og for militære styresmakter. M.a. ved aktuelle kurs ved Sjøkrigsskolen.

KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Resultatområde 61 til 63

Rapporteringskravet går fram av vedlegg til tildelingsbrevet for 2003, samt i brev dagsett 27. januar 2004 frå Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 kommuneøkonomi og samordning

61.1 Økonomistyring

Rapportering: *Fylkesmennene skal rapportere om handsaminga av årsbudsjett, kommunale låneopptak, økonomiplanar og godkjenning av kommunale garantiar.*

Fylkesmannen har vald å sende ei tilbakemelding på budsjettet til alle kommunar, og vi har såleis handsama budsjetta for dei 33 kommunane i Hordaland. 2 budsjett vart sendt i retur grunna urealistiske økonomiske anslag, dette var eit budsjett mindre enn året før. Vi handsama ingen budsjett frå interkommunalt selskap.

Fylkesmannen skal berre godkjenne lån for dei kommunane som er registret i ROBEK. I 2003 var 10 kommunar registrert i ROBEK. I tillegg skal vi godkjenne lån for interkommunale selskap (IKS). Vi fekk inn 31 søknader og andre saker om låneopptak til handsaming. Av desse var alle saker handsama pr 31.12.

Vi fekk inn 24 saker om kommunale garantiar til handsaming i 2003. Talet på saker vedrørande garantiar er stabilt. Også her var alle sakene handsama pr 31.12.

Det er brukt mykje tid på informasjon og rettleiing i spørsmål knytt til statsbudsjett, inntektssystem, rekneskapstekniske spørsmål m.v. Vidare har fylkesmannen utarbeidd framlegg til fordeling av skjønsmidlar, samt stått for utbetaling av øyremerka tilskot til eldreomsorg og psykiatri.

61.2 Samordning

Rapportering:

Fylkesmannen skal i årsrapporten gi ei orientering om embetet sitt arbeid med samordning, samt den dialogen embetet har med kommunane.

Frå 1. juni 1998 har vi hatt ei eiga kommunal og samordningseining, med ass. fylkesmann som næraste overordna.

Arbeidet med samordna tilsyn etter internkontrollmetoden er ført vidare i 2003. Prosjektlear har gått over i fast stilling som rådgjevar, og er knytt til kommunal og samordningseininga.

I tillegg har det vore eit fagleg samarbeid mellom kommunal og samordningseininga og fagavdelingane knytt opp mot psykiatrisatsinga og eldresatsinga. Innføring av KOSTRA som rapporteringsverktøy har og danna grunnlag for tettare fagleg samarbeid internt i embetet.

Fylkesmannen har gjennomført ei rekkje kommunebesøk, samt hatt fleire kortare møte med kommunar i 2003. På mange av møta har samordning av statlege styresignal og kommunane sine rammevilkår vore drøftingstema.

Vi har også arrangert 3 møte mellom leiarane av Statsetatane i Hordaland i 2003. I tillegg arrangerte Fylkesmannen på vegne av statsetatane ei samling for ordførarar og rådmenn i kommunane på Solstrand i slutten av oktober. Denne samlinga har vorte ein årvisst tradisjon, og oppslutninga er særst god både frå statsetatane og kommunane si side.

Vi sendte ikkje ut ”forventningsbrev” til kommunane for år 2003.

61.3 Kommuneinndeling

Resultatkrav: *Rapportering skjer i årsrapporten som skal innehalde ein kort omtale av embetet sitt arbeid med inndelingssaker.*

Fylkesmannen har ikkje vore engasjert i utgreiingsarbeid innan dette saksområdet i 2003. Vi har likevel vore involvert i prosjekt som går på samarbeid mellom kommunane. Mellom anna har vi utbetalt til saman 1,2 mill. kroner av skjønsmidlane til fem ulike interkommunale samarbeidsprosjekt i 2003.

Resultatområde 62 Lovlegkontroll og rettleiing

Rapportering: *Fylkesmennene skal rapportere om saker etter kommunelova § 59. Rapporteringa skal vere med i embetet si årsmelding. Saker som er handsama etter eige initiativ frå fylkesmannen skal handsamast særskild.*

Det er handsama ni saker der det er kravd lovlegkontroll med heimel i kommunelova § 59. Fylkesmannen opprettheld kommunen sitt vedtak i desse sakene. Ei av sakene er handsama av utdanningsavdelinga, fem saker er handsama av justis- og forvaltningsavdelinga og tre av kommunal- og samordningseininga. Talet på saker der det vert krevd legalitetskontroll har vore stabilt dei seinare åra.

I tillegg ba vi om å få inn alle møtebøker frå konstituerande møte i kommunestyret, samt møtebok frå møtet der det vart vald faste nemnder, råd og utval dersom dette ikkje vart gjort i same møtet. Vi fant ikkje feil i desse møtebøkene.

Resultatområde 63 Regelverkstyring/klagehandsaming

63.1 Sakshandsaming

Rapportering: *Fylkesmennene skal rapportere saker etter plan- og bygningslova og deler av oreigningslova.*

Saker etter Plan- og bygningslova:

Fylkesmannen tok avgjerd i 420 klagesaker etter plan- og bygningslova. Dette er det samla talet inkl. klagar over byggeplan eller reguleringsplan og klage der det var snakk om dispensasjon frå Pbl. § 17.2 (strandsona) og/eller arealplan. Til samanlikning var tilsvarende tal for 2002: 312 saker.

Sakshandsamingstida pr. 31.12.2003 var om lag 8 veker.

Saker etter kapittel VIII (oreigning) og oreigningslova §§ 2 og 25

I 2003 har vi handsama 4 saker i førsteinstans og 2 klagesaker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var om lag 4 veker.

Sakskostnader:

Vi har tatt avgjerd i 14 saker etter forvaltningslova § 36. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var om lag 4 veker.

Offentlegheitslov:

Vi har handsama 4 klagesaker om rett til innsyn etter offentlegheitslova. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var om lag 4 veker.

Klagesaker etter lov om kommunal forkjopsrett til leigegardar

Lov om eigarseksjonar. Klagesaker etter forvaltningslova § 28, 2. ledd

Vi har ikkje motteke saker på desse områda.

63.2 Informasjon og rettleiing

Rapportering: Rapporten skjer i fylkesmannen sin årsrapport og skal innehalde ei orientering om embetet sitt arbeid med informasjons- og rettleiingsarbeid.

Vi arrangerte Valseminar for kommunane 7. mai 2003. Det var stor oppslutnad til seminaret.

Mykje informasjon og rettleiing føregår over telefon ved at kommunar eller privatpersonar ringjer og ber om hjelp til lovtolking eller rettleiing i samband med einskildsaker.

Resultatområde 63.3 Statsborgarsaker

Fylkesmannen har teke i mot 44 søknader om norsk statsborgarskap. 40 vart innvilga, 3 vart send vidare til departementet, og ein vart avslått.

SOSIALDEPARTEMENTET

Resultatområde 71 Informasjon og rettleiing

Kompetanseutvikling i sosialtenesta

Fylkesmannen har også i 2003 halde i hevd strukturane for kompetanseutvikling som vart etablert under handlingsplanen Kunnskap og brubygging:

Fylkesmannen har i 2003 oppdatert sosialfagleg rettleiarbank, som omfattar om lag 70 godkjende rettleiarar for den kommunale sosialtenesta. Det har vore gjennomført ein fagdag for rettleiarane tilmeldt banken.

Det er tildelt midlar til stimulering av aktivitet i faglege fora i Nordhordland, Sunnhordland, Hardanger og Voss samt Bergen kommune sitt sosialleiarforum.

Samarbeid mellom helse – og sosialtenesta, trygde og arbeidsmarknadsetaten.

Aetat, trygdeetat og Fylkesmannen ved tre fagavdelingar har i 2003 hatt fleire samarbeidsmøte på leiarnivå og på sakshandsamarnivå. Dette for å halde fokus på det tverretatlege samarbeidet. Resultatet av desse møta er m.a. at det i løpet av hausten 2003 har blitt planlagt ei konferanserekkje for dei lokale etatane som skal handle om tverretatleg samarbeid. Konferansane vil bli avvikla regionvis, og det er invitert til 6 regionkonferansar om tverretatleg samarbeid i mars 2004.

Fattigdomsmeldinga

For å setje fokus på Fattigdomsmeldinga skipa fylkesmannen til ein fattigdomskonferanse for kommunane i Hordaland i mai 2003. Det var 70 deltakarar til denne konferansen der Fattigdomsmeldinga var presentert og drøfta.

Bustadsosialt arbeid

Seint på hausten starta fylkesmannen eit samarbeid med Husbankens regionkontor med føremål å skipe til konferanse om bustad sosialt arbeid tidleg i 2004. Konferansen vil bli gjennomført februar 2004.

Opplæringstiltak for arbeid med tunge rusmiddelmissbrukarar i kommunane, herunder legemiddelassistert rehabilitering.

1. Hausten 2003 deltok 100 tilsette frå Sosial – og helsetenesta på ein konferanse med tema ”Arbeidet med pårørende til rusmiddelmissbrukere”.

2. To arbeidsgrupper med om lag 25 deltakarar frå Sosial – og helsetenesta starta opp, hausten 2003.

Følgjande tema har det vore arbeidt med i arbeidsgruppene:

Legemiddelassistert rehabilitering for nyttilsette

Legemiddelassistert rehabilitering for erfarne sakshandsamarar

Kvar arbeidsgruppe går over tre heile dagar, der det blir veksla mellom førelesningar, utveksling av erfaringar og gruppearbeid.

3. Hausten 2003 deltok 35 sosialeiarar på ein konferanse over to dagar, der det faglege innhaldet stort sett var knytt opp til rusområdet, samt ein bolc omkring arbeidet med SATS.

4. Fylkesmannen har i 2003 tildelt midlar til Sund kommune til dekning av utgifter ved dagskonferanse der prosjekt som pågår i kommunen skal bli gjort kjend for andre kommunar. Prosjektet har som mål å utvikle rutiner mellom sosial – og helsetenesta knytt til arbeidet med rusmiddelmissbrukarar.

Øyremerka midlar til opplærings- og kompetansehevingstiltak for sosial- og helsepersonell.

Rådgeving og rapportering vart gjennomført i samsvar med krav frå direktoratet. Fylkesmannen si Justis- og forvaltningsavdeling og helseavdelinga har samarbeidd om oppfølgjinga av handlingsplanen.

Handlingsplan for eldreomsorga

Etter fire år med egne driftstilskot øyremerka til vekst innan pleie og omsorg, sto kommunane i 2002 fritt med omsyn til innsats innan eldreomsorga. Dei statistiske data som vart lagt fram i 2003 viste at 13 kommunar i Hordaland reduserte tilbodet straks handlingsplanen var slutt. Samstundes hadde 14 kommunar ytterlegare vekst, og mellom dei var Bergen kommune. Fire kommunar hadde nullvekst, og for to kommunar låg ikkje tala føre pr 1.1.2004.

Når det gjeld sjukeheimar var det stor byggjeverksemd i 2003: I alt vart det opna åtte nye institusjonar i fem forskjellige kommunar, med til saman 341 sjukeheimsplassar. Av dette var elleve nye omsorgsbustadprosjekt med 177 husvære tatt i bruk. To av prosjekta var for utviklingshemma, og resten var innan eldreomsorga.

Kompetanseheving på demens

Ein del av driftstilskotet under Handlingsplan for eldre er lagt inn i skjønsmidlane. Også i 2003 løyvde fylkesmannen ein mill. kroner av desse midlane til Olaviken behandlingssenter, øyremerka til vidareføring av prosjektet for kompetanseheving og nettverksbygging innan kommunal demensomsorg.

Unge ut av institusjon

Fylkesmannen inviterte i 2003 kommunane i Hordaland til å søkje om tilskot til utskriving av personar under 50 år frå aldersheimar og sjukeheimar. Vi fekk inn tre søknader, som alle vart innvilga med ein mill. kroner kvar.

Resultatområde 72 Tilsyn og klagesakshandsaming

Klagesakshandsaming - alkohollova

Fylkesmannen handsama 6 klagar over kommunale vedtak etter alkohollova.

I tillegg ga vi skjenkeløyve til skip og befalsmesser, handsama søknader om utvida skjenketid for einskildhøve og fastsett bevillingsgebyr.

Tilsyn og klagesakshandsaming

Antall tilsynsobjekt og tilsynsbesøk utført ved institusjonar for rusmiddelmissbrukarar i 2003:

Tall institusjoner pr. 31.12.03	Tall besøk	Besøkskrav	Oppfylt
7	15	28	54%

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn (systemrevisjon) med sosialtenestelova i 6 kommunar i Hordaland. 4 tilsyn med tema sosialtenestelova kap. 4 og to tilsyn med tema sosialtenestelova kap. 6A.

Klagesaker etter sosialtenestelova

I 2003 fekk vi inn i alt 588 sosiale klagesaker, og dette var 25 fleire saker enn året før. Fylkesmannen handsama 540 saker i 2003, og det var 77 færre enn året før. Såleis gjekk sakshandsamingskapasiteten noko ned i 2003.

I gjennomsnitt tok det 36 dagar frå ei klagesak kom inn til vårt vedtak i saka gjekk ut, og dette er nesten ei veke under kravet i serviceerklæringa om seks veker sakshandsamingstid. Av dei påklaga vedtaka omgjorde vi i fjor 12 prosent, medan 25 prosent vart oppheva og sendt attende til kommunen til ny handsaming.

Sakshandsaming kap. 6A i lov om sosiale tenester m.m

(”Begrensing og kontroll med bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming”)

Fylkesmannen mottok 5594 einskildmeldingar om bruk av tvang. Meldingane omfatta 125 personar (År 2002: 6421 meldingar/118 personar). Fylkesmannen overprøvde 46 kommunale vedtak om bruk av tvang som omsorgstiltak. 5 av dei vart ikkje godkjende av fylkesmannen.

Tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført 42 tilsyn med kommunane sin bruk av tvang og makt mot einskildpersonar med psykisk utviklingshemming. 1 av dei var tilsyn på bakgrunn av einskildmeldingar om bruk av tvang og 41 var tilsyn med godkjende vedtak.

BARNE OG FAMILIEDEPARTEMENTET

Resultatområde 42 – Familierett

Sakstype	Tal saker i 2003	Tal saker i 2002
Løyve til separasjon	1103	1109
Løyve til skilsmisse	931	939
Sum	2034	2048
Løyve til sep./skilsmisse frå partnerskap	7	4
Disp. frå giftarmål for barn (under 18 år)	3	1
Klage på avslag på prøving av ekteskapsvilkåra	4	1
Uførte meklingar ved meklingskontora	1360 (barnel. 44 %)	1259 (b.l. 37 %)
Vedgåing av utanlandske skilmissar og separasjonar	73	103
Ettersøking biologiske foreldre	77	64
Omsorgs- og samværssaker etter barnelova	48 (5 vedtak)	36 (8 vedtak)

Resultatområde 45 Barnevern

Det er utarbeidd eigen årsrapport om fylkesmannen sitt tilsyn med barneverninstitusjonane og kommunane i fylket i 2003. Rapporten er oversendt Barne- og familiedepartementet innan ønska frist, og er lagt ut på nettsidene www.fylkesmannen.no/Hordaland

Tilsyn med institusjonar m.m.

Fylkesmannen har utført 182 (132) tilsynsbesøk ved i alt 46 (54) tiltak pr 31.12.03. Det er i 2003 avdekket 16 (15) avvik ved 13 av barneverninstitusjonane, og gitt 18 (9) merknader til 10 av institusjonane.

Institusjonstilsynet har i fleire høve avdekket trong for nødvendig oppfølging av kommunane sitt arbeid med plasserte barn (jfr. barneverntenestelova §2-3,3.ledd) Denne oppfølging kjem i tillegg til klagar på kommunane si sakshandsaming i einskildsaker (sjå nedanfor)

Tilsyn av kommunane si forvaltning av barneverntenesta

Det er gjennomført ein systemrevisjon av kommunal barnevernteneste i 2003. Tema var bruk av tiltaksplanar og hjelpetiltak for barn og barnefamiliar.

Fylkesmannen har innhenta kvartalsvis rapportering om barneverntenestene sin tidsbruk i einskildsaker (kontrollskjema), samt innhenta halvårleg rapportering (rapporteringskjema) om status for barnevernet i kommunane. På oppdrag frå BFD har ein og innhenta rapporteringar om status vedkomande tilsynsførarordninga for fosterheimar. Kontrollskjema har fordra spesiell oppfølging av nokre kommunar (jfr. lov om barneverntjenester §6-9). Det er ikkje gitt mulkt for fristoverskridingar i 2003.

Informasjon og samarbeid

Det er gjennomført kontaktmøte med barne- og familiekontoret i fylkeskommunen og Bergen kommune i 2003.

I samarbeid med fylkessambandet for barnevernet vart det 3. desember arrangert informasjonsmøte for kommunane om barnevern- og familievernreforma.

Sakshandsaming

Barnevern (tal i parentes gjeld året 2002)

Klage på hjelpetiltak § 6-5	20 (22)	Fritak teieplikt tvml.,strprl	59 (48)
Klager på sakshandsaming § 2-3, 3.ledd	61 (66)	Sum behandla saker	169 (143)
Oppfølging av kommunar etter institusjonstilsyn § 5-7 jfr. § 2-3, 3.ledd	22 (20)	Ubehandla saker pr 31.12.03	11 (15)
Saker dokumentinnsyn barnevern	7 (9)		

Sakshandsamingstida har gjennom året i hovudsak vore innafor måla i serviceerklæringa, med unntak av periodar då tilsynsbesøk har vore prioritert.

Resultatområde 44 - Familievern

Utanom omfattande rettleiing innafor aktuelle lovområde har fylkesmannen hatt eit tilsynsbesøk ved kvart av dei 6 familievernkontora i fylket. Fylkesmannen har i den samanheng ikkje funne grunn til å reagere på drifta eller rutiner i høve til regelverket, men meiner likevel at ventetida ved dei tre kontora i Bergen er lite tilfredsstillande. Fylkesmannen sitt generelle inntrykk er for øvrig at kontora er veldrivne og har høg fagleg kompetanse. Fylkesmannen viser i denne samanheng til eigen rapport av 4. februar d.å til Barne- og familiedepartementet.

Resultatområde 47 - Gjeldsrådgeving

Fylkesmannen er regionansvarleg for region vest/sør (6 fylkesmannsembete). Følgjande møte og kurs er avvikla:

- Ett kurs á ein dag i Aust-Agder
- To kurs á to dagar (Rogaland og Sogn og Fjordane)
- Fire kurs á ein dag i Hordaland
- Tre møte i samarbeidsforum for økonomiske rådgjevarar i Hordaland

Resultatområde 48 - Åpningstidslova

Fylkesmannen har handsama 6 søknader om dispensasjon frå Åpningstidslova.

Vi har handsama 4 søknader om søndagsøpe etter lov om helgedagar og helgedagsfred. Av desse vart 2 innvilga og 2 vart avslått.

Elles går det mykje tid med til å svare på telefonførespurnader på området.

KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Resultatområde 81 Trudoms- og livssynssamfunn

35 registrerte trudemssamfunn har søkt om tilskott.

Samla utbetaling utgjer kr. 3.022.215,-. Samla medlemstal er 11.235.

5 uregistrerte trudemssamfunn har søkt om og fått utbetalt tilskott med til saman kr. 172.698,-. Medlemstalet utgjer 642. Det er registrert 4 nye trudemssamfunn.

HELSEDEPARTEMENTET

Teksten er klipt og limt inn frå Helseavdelinga sin rapport til Sosialdepartementet og Helsedepartementet. Innhaldet i teksten er ikkje endra.

Vi viser til Sosial- og helsedirektoratets brev av 28. mai 2003 (embetsoppdraget) og brev av 13. januar 2004.

Fylkesmannen i Hordaland, helseavdelinga gir her ei kort rapportering på dei mest sentrale politikkområda der fylkesmannens helseavdeling har oppgåver og forvaltning av tilskotsmidlar. Vi rapporterer også erfaringar frå ein del andre område.

Resultatområde 73 Psykisk helse

Kap. 743.62 Rapportering av resultatdata for kommunane, bruk av øyremerkte tilskot, utført i samsvar med rundskriv I-15/2003 og oppdragsbrev for 2003.

Kap. 743.62 Rapportering - tverrfagleg vidareutdanning utført innan 01.03.04 i samsvar med brev frå Sosial- og helsedirektoratet av 19.06.03.

Kap. 743.70 Rapportering - lokale etterutdanningsmidlar utført innan 31.03.04 i samsvar med oppdragsbrev frå Sosial- og helsedirektoratet.

Det er gitt uttale til Husbanken pr. 15.10.03 om søknad om tilskot til 146 omsorgsbustader.

Vi viser elles til omtale av opptrappingsplanen i Helsetilsynet/Fylkesmannen i Hordalands Medisinalmelding for 2003 som blir lagt ut under Publikasjonar på www.fylkesmannen.no og som blir oversendt som trykksak til fleire avdelingar i Sosial- og helsedirektoratet.

Resultatområde 77 Førebyggjande tiltak

77.1 Ernærning, 77.2 Fysisk aktivitet og 77.3 Tobakk

Det blir sendt eigen rapport til Sosial- og helsedirektoratet med rapportering om ernærning, fysisk aktivitet og tobakk, jf. Sosial- og helsedirektoratets brev av 16. juni 2003 om Tilskot til oppfølging av Nasjonal kreftplan kap. 706 post 01 for 2003 (Dykkar ref. 03/1817 og 03/10776).

Vi viser elles til omtale av folkehelsearbeid i Helsetilsynet/Fylkesmannen i Hordalands Medisinalmelding for 2003 som blir lagt ut under Publikasjonar på www.fylkesmannen.no og som blir oversendt som trykksak til fleire avdelingar i Sosial- og helsedirektoratet.

Resultatområde 78 Forvaltingsoppgåver

78.1 Psykisk helsevernlova (2. juli 1999 nr. 62)

78.1.1 Tvungen undersøking

Fylkesmannen fekk ingen klagar på vedtak om tvungen legeundersøking.

78.1.2 Behandling utan eige samtykke

I 2003 avgjorde fylkesmannen 131 klagar på vedtak om tvangsbehandling etter lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern § 4-4. Alle klagane gjaldt tvangsmedisinering. I sju saker fekk pasienten medhald.

Dei fleste sakene blei behandla innan to dagar etter at vedtaket var gjort. Når pasienten er på tvunge psykisk helsevern utan døgnopphald, tek det noko lenger tid å handsame klagen fordi pasienten då blir invitert til å møte til samtale her på kontoret.

78.2 Smittevernlova

78.2.6 Smittevern - informasjon og lokale retningslinjer

3. desember 2003 arrangerte helseavdelinga kurs i smittevern for kommunane i Hordaland. Det var 75 påmelde til kurset, og tema var: nye forskrifter, må det alltid vere eit utbrot for at helsepersonell skal forstå kor viktig smittevern er, vaksinerings av helsepersonell som eit smitteførebyggjande tiltak, epidemiologisk status i Hordaland, resultat av kartlegging og oppfølging av smittevernplanar, Tbc i Hordaland, MRSA i sjukeheimar og seksuelt overførbare sjukdomar.

Det er ikkje sendt særskilt rapport frå konferansen fordi det i Sosial- og helsedirektoratets konkretisering av oppdraget i brev av 28.08.2003 (Dykkar ref: 03/2106) ikkje var stilt krav om dette.

Våren 2003 inviterte vi kommunar som ikkje har smittevernplan til eit eige møte for å hjelpe dei med å få utarbeidd smittevernplanar.

Vi viser elles til omtale av smittevern i Helsetilsynet/Fylkesmannen i Hordalands Medisinalmelding for 2003 som blir lagt ut under Publikasjonar på www.fylkesmannen.no og som blir oversendt som trykksak til fleire avdelingar i Sosial- og helsedirektoratet.

78.4 Abortlova

Vår ajourførte liste blir oversendt Sosial- og helsedirektoratet i eige brev. Abortnemnda og klagenemnda er oppnemnde for ein fireårsperiode frå 01.01.03 til 31.12.06.

78.9 Særfrådrag

Handsama: 55 saker.

Av desse blei 17 saker påklaga og sendt til Sosial- og helsedirektoratet.

78.12 400-årsjubileet for den offentlige helsetenesta

I jubileumskomiteen for Hordaland var sentrale miljø som Stein Rokkans senter for tverrfaglige studier, Universitetet i Bergen, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Sunnhordland folkemuseum representerte. I tillegg til å vere vertskap for fleire nasjonale markeringar, var Bergen og Hordaland arena for mange lokale arrangement.

Jubileumskomiteen i Hordaland stod ansvarleg for løypeutstillinga *Byen og helsearbeidet* i Bergen sentrum som var tilgjengeleg for publikum frå 14. juni til 20. oktober 2003. Heretter er utstillinga å finne i nettversjon under www.helsehistorie.no. Som supplement og fordjuping gav Fagbokforlaget ut boka *Byen og helsearbeidet*, og på Bryggens Museum arrangerte jubileumskomiteen ni opne laurdagsseminar om ulike helsetema sett i historisk og samtidsperspektiv.

Vi viser elles til omtale av jubileet i Helsetilsynet/Fylkesmannen i Hordalands Medisinalmelding for 2003 som blir lagt ut under Publikasjonar på www.fylkesmannen.no og som er oversendt som trykksak til fleire avdelingar i Sosial- og helsedirektoratet.

78.13 Nasjonal strategi for kvalitet i sosial- og helsetenesta

Resultatkrav: ”Kommunene og foretakene har fått tilbud om råd og veiledning samt erfaringsoverføring i kvalitetsarbeidet”

Aktivitet på dette området er integrert i helseavdelinga sine andre oppgåver og blir ivaretatt i samband med svar på direkte og konkrete spørsmål om råd og rettleiing, i møte- og informasjonsverksemd og som del av oppfølging etter verksemdstilsyn og enkeltsaker (klager). Det er framleis ein del kommunar som er komme kort i sitt arbeid med styringssystem (internkontroll) i helsetenesta. Helseføretaka er generelt komme noko lengre, men seinast ved dei landsomfattande tilsyna i 2003 kom det fram at grunnleggjande myndigheitskrav ikkje var kjent og etterlevd. Det er stort behov for den varsla rettleiaren til forskrift om internkontroll i sosial- og helsetenesta.

Resultatkrav: ”Fylkesmannen har avlevert høringsuttalelse på forslag til ny nasjonal strategi for kvalitet i løpet av høsten”

Høringsfråsegn er sendt Sosial- og helsedirektoratet i brev av 7. november 2003.

Resultatkrav: ”Prosesser er igangsatt for å sikre at fylkesmannen gir råd og veiledning om kvalitetsutvikling på en enhetlig måte”

Det er iverksett tiltak som skal bidra til intern samordning i embetet og samarbeid mellom avdelingane i utoverretta verksemd. Det er lagt til rette for vidare utvikling av dette samarbeidet i 2004.

78.14 Beredskap og akuttmedisin

78.14.1 Generelt beredskapsarbeid og nettverkssamarbeid

I 2003 har helseavdelinga ajourført "Planrettleiar for katastrofeplanar i helsetenesta i Hordaland". Dette er eit dokument som var ein del av resultatet av helseberedskapsprosjektet i Hordaland 1994-1998. I det reviderte dokumentet har vi gjort oppdateringar på grunnlag av ny lovgjeving inkl. nye forskrifter. Vi har også ajourført rettleiaren på grunn av organisatoriske endringar dei siste åra.

Helseavdelinga har vore aktivt med i ulike samanhengar i samband med utarbeiding av Fylkes-ROS for Hordaland. Mellom anna har vi vore med i to arbeidsgrupper som har hatt sentrale oppgåver knytt til helseforhold.

Fylkeslegen møter jamleg i fylkesberedskapsrådet, som er eit viktig kontaktnett for beredskapsarbeid. Fylkeslegen er også oppnemnd som helsetenestas representant i LRS i Hordaland politidistrikt.

78.14.3 Ambulansar og utrykkingskøyrety

Søknadene blir stort sett handsama same dag dei er mottekne. Alle blir handsama innan ei veke.

Godkjende ambulansar/leilighetsambulansar/utrykkingskøyrety:	18
Godkjende demonstrasjonsambulansar/utrykkingskøyrety:	1
Godkjend reserveambulans/utrykkingskøyrety:	1

Endring av eigarskap ambulanse/utrykkingskøyrety:	2
Utgår som ambulanse og utrykkingskøyrety:	10
Utgår som reserveambulanse og utrykkingskøyrety:	1

UNDERVISNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENTET

Teksten er klipt og limt inn frå Utdanningsavdelinga sin rapport til Undervisnings- og forskingsdepartementet. Innhaldet i teksten er ikkje endra.

1 Innleiing

Årsrapporten skal vere eit oversyn over arbeidsoppgåvene og arbeidsforma til Utdanningsavdelinga, og med eventuelle vurderingar av arbeidsformene. Årsrapporten skal primært inngå i etatsstyringa, og skal derfor ikkje omhandla sektorvurdering. Sektorresultat skal berre takast med dersom dei kan vera med å tydeleggjera effekten av ei spesiell arbeidsform kontoret har følgd.

Årsrapporten skal basere seg på rapporteringskrava i dokumentet om utdanningskontora sine oppgåver av 12.10.99, hovudtildelingsbrevet for 2003 og tildelingsbrev sendt utdanningskontora gjennom året der det er bedt om rapportering i årsrapporten. Dersom oppgåvene er utført slik tildelingsbrev krev er det ikkje nødvendig med rapportering. Departementet er i første rekkje opptatt av at det vert rapportert på avvik.

Fylkesmannen kan sjølv vurdere kva for punkt i malen det er behov for å rapportere på i tillegg til dei rapporteringskrava departementet eksplisitt har lagt inn i tildelingsbrev.

2 Generell oppsummering

2.1 Gjennomføring/resultatoppnåing i høve til verksemdsplan/oppgåver.

Vi har klart å gjennomføra dei fleste oppgåvene vi har lista opp i vår verksemdsplan. Det er såleis ikkje område som vi ikkje har følgd opp.

Vi viser elles til Årsrapport for 2002.

3 Rapportering i høve dei oppgåver og oppdrag kontoret har.

3.1 Informasjon, rettleiing. Kva for arbeidsformer er brukte: info-skriv, internett, tilhøve til media m.m.

Vi viser til årsrapport for 2002.

3.2 Tilsyn, lovlighetskontroll og klage

3.2.1 Tilsyn, kva for instansar, skolar m.m. det er utført tilsyn med. Kort oversyn og kommentar til arbeidet

Fylkesmannen har ført tilsyn med lokaler ved Tysse Hosanger og Bergen Montessoriskole. Det er ført tilsyn med Arna bydel, tema var Opplæringslova kap. 7 om rett til skyss, med Askøy kommune om SFO, Opplæringslova §§ 13-6, 13-7, 10-9 og 9-3 og forskrifter til opplæringslova kapitla 12 og 23 og med Odda kommune om Opplæringslova med særleg vekt på kap. 5, ”Spesialpedagogisk hjelp for born og spesialundervisning for elevar og vaksne”. I tillegg har vi hatt regionsmøte og kommunemøte der vi gjennom dialog har hatt samtalar og rettleiing.

3.2.2 Lovlighetskontroll. Oversyn over saker og resultat. Utviklingstendensar de siste 3-5 åra.

Tal saker på dette området har ikkje endra seg over dei siste 3-5 åra. Vi har i gjennomsnitt 1-2 saker kvart år. For rapportåret 2003 har vi hatt tre saker: Osterøy om regulering av

opptaksområdet som vi ikkje fann var ulovleg, Bergen om rektorkrav ved ein skole og Bergen, Åsane bydel, om språkrøysting. Sakene frå Bergen vart ikkje femma etter at vi hadde bede om ytterlegare opplysningar.

3.2.3 Klagehandsaming. Oversyn over saker og resultat av handsaminga.

Vedlegg 11.1 Klagesaker på områda spesialundervisning i grunnskolen og spesialundervisning for vaksne og utfall av desse

Klager spesialundervisning	Medhald	Delvis Medhald	Avslag	Anna	Sum
Grunnskole	19	12	49	28	108
Vaksenopplæring	1	0	4	1	6
Sum	20	12	53	29	114

Vedlegg 11.2 Klagesaker på andre område for grunnskolen og utfall av desse

Andre område for grunnskolen	Medhald	Delvis medhald	Avslag	Anna	Sum
Skoleval	2	0	8	1	11
Skyss	10	3	10	10	33
Utsett skolestart	1	0	0	0	1
Standpunktarakterar fag			68	144	212
Standpunktkar. - orden			2	0	2
Standpunktkar. - åtferd	1	1	2	0	4
Kap 9a				8	8
Anna	1		1	5	7
Sum	15	4	91	168	278

Lovlighetskontroll etter kom.l. §59: 3 saker

Bortvising: 3 saker

Vedlegg 11.3 Klagesaker innafor vidaregåande opplæring

Saker innanfor vidaregåande opplæring	Medhald	Delvis medhald	Avslag	Anna	Sum
Klager knytte til vidaregåande opplæring	0	0	0	0	0
Klager knytte til fag- og svenneprøver (Eksamenssekretariatet)	0	0	0	0	0
Klager knytte til spesialundervisning	1	1	3	5	10
Klager knytte til inntak	0	0	0	0	0
Klager knytte til inntak til eit særskilt grunnkurs på grunnlag av sakkunnig vurdering	0	0	0	0	0
Andre klager	2	0	4	0	6
Sum	3	1	7	5	16

3.3. Forsøks- og utviklingsarbeid, satsingsområde, strategiar og arbeidsformer

3.3.1 Prosjektet ”Konsert og Skole”

3.4. Arbeid med særskilte område:

3.4.1 Likestilling

Inngår i kvalitetsutviklingsarbeidet. Elles ingen merknader

3.4.2 Haldningsskapande arbeid

Rusførebyggjande arbeid

Då midlane til det rusførebyggjande arbeidet vart tatt vekk frå utdanningskontora i 2001, blei tiltaka innan dette området gradvis trappa ned.

3.4.3 Krepss

Fylkesmannen har ansvar for KREPS-programmet –Kreativ problemløysing i skolen- og for spreing av dette programmet nasjonalt. Arbeidet går etter dei planane vi har lagt.

3.4.4 Miljø og utvikling

Inngår i kvalitetsutviklingsarbeidet. Elles ingen merknader

3.4.5 Internasjonalisering og internasjonalt arbeid

Inngår i kvalitetsutviklingsarbeidet. Elles ingen merknader

3.4.5.1 Informasjon og rettleiing

Ingen merknader.

3.4.5.2 Tilskot til pedagogisk utviklingsarbeid i grunnskolen og vidaregåande opplæring

Ingen merknader

3.4.6 IKT i norsk utdanning

PILOT-prosjektet blei slutført og rapport sendt LS.

Midlane til lokalt utviklingsarbeid er gitt til dei seks grunnskoleregionane og fylkeskommunen. Kort oppsummert er innhaldet i arbeidet knytt opp til følgjande hovudproblemstilling: Korleis kan IKT a) auka elevane sitt læringsutbytte? b) nyttast som drivkraft i skolane sitt utviklingsarbeid?

Informasjon og drøftingar har vore lokalisert til møte med ansvarlige for skole, arbeidsutvalet for ansvarlege for skole og kurssekretærene.

3.4.7 KRL-faget

Inngår i samtale med kommunane. Ingen merknader

3.4.7 Samtak

Ingen merknader

3.4.8 Overføring av ressursar til PP-tenesta

Gjennomført i samsvar med sentrale retningslinjer.

3.4.9 Vidareutvikling av spesialpedagogiske tilbud i kommunar og fylkeskommunar

Det er eit kommunalt ansvar å vidareutvikla tilboda. Vi viser derfor til Tilstandsrapporten vår for 2003.

Vi bidrar med råd og rettleiing gjennom klagehandsaminga vår. I tillegg har vi gjennomført fleire tilsyn dei siste 3-5 åra for å gi kommunane kunnskap og kompetanse på området. Dette har resultert i at talet på denne type saker har blitt redusert.

3.5 Forvaltningsoppgåver, jf. tildelingsbrevet del I

3.5.1 Arbeid knytt til delegert avgjerdsmynde, bl.a. Opplæringslova
Ingen merknader! Sjå elles punkt 2 og punkt 3.2.

3.5.2. Arbeid med avvikling av eksamen og prøver
Avgangsprøvene i grunnskolen

Skriftleg avgangsprøve

Det vart avvikla skriftleg avgangsprøve i grunnskolen i Hordaland i faga norsk, engelsk og matematikk. Det var god tilgang på sensorar til den skriftlege avgangsprøva. Likevel merkar vi oss at det er skolar som år etter år ikkje stiller med sensorar. Utdanningsavdelinga fordeler sensorane slik at alle skolane så langt mogleg skal bli representerte, noko vi meiner er viktig også med tanke på informasjon og kompetanseheving på skolane innan dette feltet.

3 elevar gjennomførte den skriftlege avgangsprøva i munnleg form, alle i faget engelsk.

Fellessensuren blei lagt til *ein* dag som tidlegare år. I tillegg vart sensorane inviterte til eit dagseminar like etter at oppmennene hadde delteke på førehandssensuren. Tema for denne dagen var faglege prosessuelle spørsmål knytt til sensureringa og elevvurdering på meir generelt grunnlag. Vi nytta oppmenn og varaoppmenn i dei tre faga som kurshaldarar. Tilbakemeldingar frå deltakarane etter samlinga var positiv. Under føresetnad av at vi får økonomiske rammer, vil vi prioritera dette som eit årleg tiltak.

Munnleg avgangsprøve

Det var bestemt at det skulle vera munnleg prøve for alle avgangselevane i 2003. Vårt fylke hadde sensorbehov på 535, tilgangen på sensorar var 536. Kan den gode sensortilgangen vera resultat av eit systematisk arbeid knytt til skolering/drøfting av munnleg prøve gjennom fleire år? Utdanningsavdelinga satsa på ei systematisk oppfølging, kursing og nettverksbygging av lærarar og rektorar frå 1998 til og med 2001.

Klagehandsaming- munnleg prøve

Fylkesmannen handsama 3 klager på munnleg avgangsprøve, ingen fekk medhald.

Avvikling av sensur ved sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Ingen merknader.

Informasjon om dokumentasjon og vitnemålsføring

Fylkesmannen vert gjennom heile året mykje brukt av dei vidaregåande skolane med spørsmål og problemstillingar knytt til dokumentasjon og vitnemålsføring.

3.5.3 Rikskonsertane

Vi må leiga inn arbeidskraft for å gjennomføra ein del av dette arbeidet. Elles ingen merknader!

3.5.4 Kontakt med arbeidstakarorganisasjonane, spesielt saker som er handsama
Fylkesmannen har ikkje lenger faste møte med organisasjonane.

3.6 Vurdering og rapportering

Fylkesmannen har halde seg til departementet si oppmoding om å vera forsiktig med å krevja rapportar som ikkje er ein del av etablerte rutiner for rapportering frå kommunar og fylkeskommunar.

3.6.1 Særskilde område som er vurdert
Ingen slike i 2003.

3.6.2 Omtale av kontoret sitt arbeid med tilstandsrapporten
Fylkesmannen har i møte med LS gitt tilbakemelding på dette arbeidet.

3.6.3 Utarbeiding av statistikk og anna informasjonsinnhenting
Erfaringane med GSI har i all hovudsak vore positive. Tilbakemelding er gitt til UFD på førespurnad.

3.6.3 Oversyn over Utdanningsavdelinga sine rapportar

- Tilstandsrapport
- Årsrapport
- Sluttrapport for PILOT Hordaland
- Rapport nummer 1/03 *"Hva passer for kvinner? Undervisning for kvinnelige fanger i fire norske fengsler"* av Anne Berit Sandvik, Institutt for kriminologi og rettsosiologi ved Universitetet i Oslo. Fylkesmannen i Hordaland 2003.
- Rapport nummer 2/03 *"Evaluering av fengselsundervisningen med vekt på systemnivået og kriminalomsorgens totale opplæringsvirksomhet"* av Svein Rognaldsen, Institutt for praktisk pedagogikk ved Universitetet i Bergen.
- Hovudrapport: Rapport nummer 3/03 *"Undervisning i fengsel. På rett kjøll?"* av Einar M. Skaalvik, Liv Finbak og Tone Pettersen. NTNU (Norges Teknisk Naturvitenskapelige Universitet) og VOX (Voksenopplæringsinstituttet). Fylkesmannen i Hordaland 2003.
- Rapport nummer 4/03 *"Løslatelse til hva? Elevers forberedelser til løslatelsen og tiden etter endt soning"* av Tone Pettersen, Einar M. Skaalvik og Liv Finbak. NTNU (Norges Teknisk Naturvitenskapelige Universitet) (Norges Teknisk Naturvitenskapelige Universitet) og VOX (Voksenopplæringsinstituttet). Fylkesmannen i Hordaland 2003.
- Rapport nummer 5/03 *"Undervisning og opplæring i det moderne fengslet. Dannende eller disiplinierende? En undersøkelse av fengselsundervisningen i Bergen og Oslo fengsel"* av Bodil Ravneberg, Rokkansenteret ved Universitetet i Bergen. Fylkesmannen i Hordaland 2003
- I tillegg har Nordisk Ministerråd gitt ut rapporten:
Å lære bak murene
Utdannelse og kriminalomsorg i et livslangt læringsperspektiv
Nordisk kartlegging av fengselsundervisningen.
TemaNord 2003:549

Fylkesmannen var prosjektansvarleg for ovannemnde rapport.

4. Særskilde oppgåver og oppdrag som gjeld nokre utdanningskontor

4.6 Opplæring innanfor kriminalomsorga (Hordaland)

Vi syner til eigne rapportar på området.

5 Tilskottsforvaltninga

5.1 Generelle kommentarar til arbeidet med tilskottsforvaltninga

Vi har betalt ut tilskot i samsvar med sentrale retningslinjer. Fylkesmannen har ikkje spesielle merknader til dette området. Vi har registrert at kommunane nyttar tilskota i samsvar med retningslinjene for tilskota. Når det gjeld SFO, så har det synt seg at det har vore nyansar i forståinga av prinsippet meirkostnader. Vi har gjennomført eit tilsyn med dette emne som tema.

Vi viser til kapittel 7 for orientering om bruken av midlane.

5.2 Gjennomføring av arbeidet med tilskottsordningar som alle utdanningskontor har ansvar for

Kap 0221.63 Tilskot til skolefritidsordningar

Ingen avvik!

Kap 0221.65 Tilskot til undervisning for framandspråklege elevar

Ingen avvik!

Kap.0221.66 Tilskot til leirskoleopplæring

Ingen merknader!

Kap 0221.67 Tilskot til kommunale musikk-og kulturskolar

Ingen avvik!

Kap 0254.60 Norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar.

Ingen avvik!

Kap 0254.62 Eksamensretta grunnskoleopplæring for innvandrarakar i alderen 16-20år

Ingen merknader!

5.3 Tilskottsordningar som nokre utdanningskontor har ansvar for

Ingen oppgåver på dette området.

6 Utdanningskontora sine interne styringssystem

6.1 Plansystem, tilhøve til overordna planverk.

Problemet med vårt eige plansystem er at vi ofte får sentrale dokument så seint at vi ikkje får samanheng og kontinuitet i eige planarbeid. Dette har vi peika på også i tidlegare årsrapportar.

6.2 Tilhøve til departementet: samarbeid, vurdering av styringsdokument, møte, etatstyringsmøte m.m.

Vi har tradisjonelt hatt eit godt samarbeid med departementet. I samband med omstillingsprosessen og innlemming i fylkesmannsembetet saknar vi likevel informasjon og klåre signal frå vårt eige departement. Vi vil peika på at når departementet sender ut mal på årsrapport, så må denne vera i orden slik at det berre er til å fylla inn tal og opplysningar i rubrikkane. Dette er ikkje tilfelle med oversendt årsmal for 2002, noko som forsinkar og fører til meirarbeid.

6.3 Tilhøve til andre regionale statsorgan og andre samarbeidspartnarar

Vi har også i 2003 hatt eit godt samarbeid med eksterne partar. Vi har vidareført systemet med faste møte i arbeidsutvalet for kommunane og fylkeskommunen, og vi har hatt møte med kvar av høgskolane og universitetet. Vi samarbeider også godt med kompetansesentra.

6.4 Generelt om arbeidet med den interne økonomiforvaltinga, interne rutiner, instruksar m.m.

Ingen avvik!

6.5 Organisasjonsplan og personalplan

Vi syner til vedlagt Verksemdsplan for 2003 og tidlegare innsendt Personalplan som vedlegg til årsrapporten for 2001.

6.6 Arbeidsmiljø og arbeidsforhold

Ingen merknader.

6.7 Eventuelle endringa i rutiner, arbeidsformer

Vi har fordelt arbeidsoppgåvene på færre personar.

6.8 Intern kompetanseutvikling

Ingen merknader!

6.9 Permisjonar og fråvær

Vi har i 2003 hatt ein langtidspermisjon utan løn. Vi har ei nyttilsetting etter at ei ved kontoret gjekk av med AFP. Elles har vi lågt fråvær og eit stabilt personale. I det siste har vi merka ein større slitasje på personalet grunna uro omkring vår framtidige rolle.

Vi viser elles til kvartalsvise rapportar send administrasjonsdepartementet.

Økonomiforvaltning

7.1 Rekneskapsrapport Rekneskapsrapport er sendt Utdannings- og forskingsdepartementet.

7.2 Kommenterar til rekneskapet

Kapittel 203 og 3203

Kap.0203: Statens utdanningskontor, utgiftskapittelet
Ingen kommentarer!

Kap.3203: Statens utdanningskontor, inntektskapittelet
Hovudinntektene våre kjem frå kursverksemd. Vi har ei mindre inntekt på sal av materiell.

7.2.2 Disposisjonsløyvingane:

Dei faste tilskotspostane

Sjå kap 5.

8. Rapportering knytt til eventuelle andre oppdrag gitt i tildelingsbrev for året
Vi har ingen rapportering.

9. Andre forhold som kontoret ønskjer å ta opp
Ingen merknader!